

Årsmelding 2025

Ulstein



Innleiing ved kommunedirektøren

Dei siste åra har vore krevjande, men samstundes må vi minne oss på at over tid har vi hatt ei sterk utvikling, vist stor innsats og vilje til å satse på lokalsamfunnet vårt.

Vi har realisert store investeringar, bygd gode partnerskap og vore tidleg ute med nye løysingar som har kome både oss sjølve og andre til gode. Dette har vi fått til i samspel med næringsliv, frivillige, nabokommunar og eit breitt organisasjonsliv i Ulstein.

Slik har vi skapt ei kommune med sterk attraktivitet, tydeleg identitet og som har gitt oss nokre konkurransefortrinn.

Dette grunnlaget er ikkje sjølvsgatt, men noko vi må ta vare på kvar dag.

Vi må vere stolte av det vi har fått til, og ærlege om dei utfordringane vi står i, slik at vi kan handle klokt vidare.

Ulstein kommune har lagt bak seg eit år der retninga er den same som før, men tempo i omstillinga har auka, og resultatane er tydelege både i rekneskapen og i måten vi løyser samfunnsoppgavene våre på.

Året 2025

Er året der vi gjekk frå å tære på fond til å bygge oss opp att, samstundes som vi stod i dei same nasjonale utfordringane som andre kommunar: stram økonomi, konkurranse om arbeidskrafta, demografibeterte og sterkare forventningar til kvalitet og berekraft i tenestene.

Over fleire år har Ulstein hatt ei økonomisk utvikling der driftsnivået har vore for høgt.

Rekneskapen for 2024 viste negativt netto driftsresultat og ein markant reduksjon av driftsfondet til 14,7 mill. kroner, etter fleire år der utgiftene systematisk var høgare enn inntektene. Årsakene låg i for høge driftskostnader, lågare skatteinntang enn budsjettert, endringar i inntektssystemet og høgare rente- og avdragsbelastning, i tråd med det nasjonale biletet av kommunar med høg lånegjeld og høge renter.

Dei første prognosane vi delte med kommunestyret i 2025 stadfesta alvorlegare situasjonen vi var i.

Dei store sektorane våre hadde store meirforbruk, og samla prognose tydde på eit stort negativt årsresultat, sjølv om utsikter til betre rammetilskot og skatteinntang gav noko lys i enden av tunnelen.

I april 2025 gjorde kommunedirektøren og økonomisjefen ei samla vurdering av situasjonen. Då var budskapet at vi i realiteten måtte rekne driftsfondet som tomt, og at kommunen stod på eit kritisk nivå der det ikkje lenger var rom for å skyve på nødvendige grep.

I budsjettvedtaket for 2025, handsama i desember 2024, gav kommunestyret eit tydeleg oppdrag til administrasjonen.

Kommunestyret bad om at det skulle setjast i gang prosessar for å redusere driftskostnadene inn mot økonomiplanen 2025–2028 med 18,84 mill. kroner, mellom anna gjennom endring i organisering, struktur og kapasitet i oppvekst og kultur, vurdering av ikkje-lovpålagde oppgåver, ny modell for ressursorientert saksbehandling og tildelingspraksis i helse og omsorg, strategiar for velferdsteknologi,

Årsmelding 2025

digitalisering og heiltidskultur, og vurdering av sal av tenester og tenestesamarbeid på tvers av kommunar.

Kommunestyret bad òg om konkretisering av trekk i rammene for teknisk sektor, politikk og administrasjon, folkevalde og eigedom, slik at heile organisasjonen vart del av omstillingsoppdraget.

I 2025 har vi arbeidd målretta med dette oppdraget og det er satt inn sterkare tiltak, med tydelegare kostnadskontroll, tilsetjingsstopp med unntak der det stod om liv og helse, oftare rapportering og klarare prioriteringar i tråd med dei føringane kommunestyret la.

Arbeidet med omstilling i oppvekst og kultur, gjennomgang av ressursbruk og kapasitet i organisasjonen, starte opp arbeidet med utvikling av ny praksis i helse og omsorg og deltaking i regionale samarbeid har vore viktige steg for å følgje opp kommunestyret sine forventningar.

Dei konkrete innsparingstiltaka på sektornivå går fram av tabell "Rammeoversikt" på sektornivå som vist i [budsjett- og økonomiplan for 2025-2028](#). Her finn ein oversikt over alle innsparingstiltak som låg til grunn for kommunestyret sitt vedtak.

Gjennom 2025, tertialrapport og budsjett- og økonomiplan 2026-2029, har ein informert kommunestyret på oppfølging løpande.

I siste tertialrapport 2025 gav kommunedirektøren ei orientering om omstillingsprosessen pr . september 2025. Meir om dette kan ein lese her- [LENKE](#)

Etter denne rapporteringa er innsparingstiltak og justeringar teke omsyn til i ny budsjett og økonomiplan for 2026-2029 der alt er vurdert samla, heilskapleg, og som kommunestyret har lagt til grunn i sitt eige budsjettvedtak desember 2025.

Samla liste over tiltak som låg til grunn for kommunestyret sitt vedtak finn ein her - [LENKE](#)

Alle innsparingstiltak er etter kommunedirektøren sitt syn teke omsyn og følgt opp i tråd med kommunestyret sin intensjon og formål.

Samla oversikt med kort kommentar-

Område	Innsparingstiltak	2025	Kommentar
Felles / administrasjon	Budsjettjustering - alkohol- og tobakksavgift	-100	Utført
Felles / administrasjon	Budsjettjustering - Microsoftlisensar - tiltak 98445	-70	Utført
Felles / administrasjon	Budsjettjustering - Tilskot samarbeidsavtale God	-125	Utført

Årsmelding 2025

	helse med Møre og Romsdal fylkeskommune		
Felles / administrasjon	Sal/samarbeid av administrative tenester	0	Vurdert i budsjett 2026
Felles / administrasjon	Vakant stilling i personalavdelinga	-500	Utført
Oppvekst og kultur	Auke pris på skulefritidsordning	-370	Utført
Oppvekst og kultur	Endring av organisering oppvekst og kultur	0	Utført
Oppvekst og kultur	Feriestengte barnehagar	-600	Utført
Oppvekst og kultur	Fjerne uspesifisert innsparingskrav oppvekst og kultur 2025-2027	1 200	Utført
Helse og omsorg	Endra drift og organisering helse og omsorg	-800	Utført
Helse og omsorg	Fjerne uspesifisert innsparingskrav helse og omsorg 2025-2027	1 080	Utført
Helse og omsorg	Omfordeling av oppgåver i kjøkkenet på sjukeheimen	-100	Utført
Plan og bygg	Innsparing vakanse plan- og bygningsavdelinga	-495	Utført

Den største enkeltsaka

Arbeidet med organisering av oppvekst- og kulturetaten og endring i skulestrukturen var klart den største enkeltsaka og som rørte mange.

På oppdrag frå kommunestyret vart det gjennomført ei omfattande utgreiing av struktur, kapasitet, kvalitet, økonomi og fagmiljø i grunnskulen, med fleire alternativ på høyring og brei involvering.

Prosesen skapte stort engasjement og høg temperatur, både i lokalsamfunnet og i dei politiske organa, fordi spørsmåla rørte ved identitet, nærmiljø, skulekvardag og framtidssutsikter for barn og unge.

Kommunestyret gjorde til slutt vedtak om ny skulestruktur, med samling av tilbodet og reduksjon i talet på barneskular for å få meir robuste fagmiljø, betre kapasitetsutnytting og ein meir berekraftig økonomi, men innanfor pedagogisk forsvarlege rammer.

Saka har vore krevjande for alle involverte, men er samstundes ein sentral del av det omstillingsarbeidet kommunen må gjennom.

For kommunen er det avgjerande å sikre eit godt og likeverdig opplæringstilbod for framtida, samstundes som vi må balansere berekraftige omfordelingar mellom sektorane.

Utviklinga er snudd, men vi er ikkje i mål

Ved utgangen av året 2025 viser tal at Ulstein kommune har snudd utviklinga og styrkt driftsfondet med over 30 millionar kroner, frå eit nivå som i praksis var pressa heilt ned.

Deler av resultatet kjem frå ekstra gode inntekter, særleg skatteinngang, pensjonseffektar, sjølvkost og finans, men biletet er òg prega av reell omstilling i drifta og betre samsvar mellom bemanning og økonomiske rammer.

Samstundes er vi tydelege på at vi ikkje er i mål.

Grunndrifta i dei store velferdsområda er framleis sårbar, og det vil krevje vidare omstilling, omfordeling og nye måtar å organisere arbeidet på.

Prioriteringar må til

Frå nasjonalt hald peikte Statsforvaltaren i kommunebrevet for 2025 på at krevjande tider krev krevjande prioriteringar.

Både det politiske apparatet og administrasjonen i Ulstein har kjent på desse forventningane frå Statsforvaltaren, og har aktivt teke grep for å betre situasjonen for kommunen siste år.

I same retning vert vi påverka av arbeidet nasjonalt der ein ser på sjølve rammene rundt kommunesektoren.

Regjeringa har sett ned Kommunekommisjonen, som skal foreslå endringar i korleis kommunesektoren blir styrt for å gi betre ressursbruk og meir effektiv oppgåveløysing, og Helsereformutvalet, som skal sjå på nye modellar for organisering og finansiering av ei meir heilskapleg helse- og omsorgsteneste og på oppgåvefordelinga mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Desse utvala vil kunne gi føringar som får stor betydning for Ulstein, ikkje minst innan økonomistyring, bruk av kompetanse og organisering av helse- og omsorgstenestene.

Samstundes står vi sjølve midt i omfattande endringsprosessar.

Arbeidet med interkommunalt samarbeid på Søre Sunnmøre er trappa opp, med kartlegging i alle kommunane, brei forankring og utvikling av nye samarbeid innan ei rekkje område. I tillegg kjem utgreiinga av mogleg kommunesamanslåing, der Ulstein saman med nabokommunar vurderer om større

kommunestruktur kan gi meir robust kapasitet og kompetanse, og interne omorganiseringar i eiga verksemd for å få mest mogleg optimal drift.

Våre tilsette

I alt dette arbeidet er det naturleg å løfte fram dei tilsette i organisasjonen. Dei har vist ein formidabel innsats gjennom fleire år med omstilling, og det er dei som står i front. Som øvste leiar har eg, saman med leiarteamet mitt, ansvar for å sikre ryddige skiljelinjer mellom politikk og administrasjon, og for at vi i fellesskap gjennomfører dei politiske måla kommunestyret har vedteke.

Vi er ikkje i hamn

Vi har arbeidd mykje med kommunikasjon det siste året, og god informasjon er avgjerande, særleg når krevjande val må takast.

Nasjonale innbyggjarundersøkingar viser at tilliten til offentlege institusjonar framleis er høg, men at tilliten til forvaltninga og til kvarandre er på veg ned.

Dette understrekar kor viktig det er å involvere innbyggjarane tidleg og vere tydeleg i prosessar der vanskelege val skal takast, slik at innbyggjarar og andre involverte forstår grunnlaget for avgjerdene og kan ta del i utviklinga av lokalsamfunnet vårt.

Når vi ser året 2025 i lys av dette, er biletet tydeleg.

Vi har tatt krevjande, men nødvendige val for å byggje opp att økonomien og følgje opp kommunestyret sitt omstillingsoppdrag, samstundes som vi posisjonerer oss for ei tid der både statleg styring, helsetenestene og kommunestrukturen kan bli endra.

Ulstein kommune arbeidar vidare med uløyste oppgåver og vi er ikkje i hamn.

Men vi er på rett kurs og vi går inn i 2026 med sterkare økonomiske musklar, tettare interkommunalt samarbeid og eit klarare blick på at økonomisk og organisatorisk berekraft med mål om å gi gode tenester til innbyggjarane våre også i framtida.

Jarl Martin Møller, kommunedirektør

Ordføreren har ordet

2025 har vore eit år som gir grunn til varsam optimisme.

Etter fleire krevjande år med stram kommuneøkonomi og tøffe prioriteringar, ser vi no at utviklinga har snudd. Økonomien er styrkt, og vi har fått eit etterlengta pusterom. Dette er resultat av målretta arbeid, ansvarlege prioriteringar og eit godt samarbeid mellom politikk og administrasjon.

Sjølv om situasjonen har betra seg, er ikkje utfordringane borte. Budsjettet er framleis stramt, og vi må halde fram med å drive nøkternt og disiplinert. Det økonomiske handlingsrommet vi no opplever, må nyttast klokt. Til å sikre berekraftige tenester og ei trygg utvikling for kommunen i framtida.

Ulstein er ein kommune med ambisjonar. Vi skal vere ein attraktiv stad å bu, arbeide og skape verdier. Gjennom langsiktig planlegging, tett samarbeid med næringslivet og eit sterkt engasjement frå frivilligheita, held vi fram arbeidet med å styrkje lokalsamfunnet vårt. Den maritime klynga og det innovative næringslivet gir optimisme og bidreg til vekst og utvikling i heile regionen.

Vi har i året som har gått teke viktige steg for å sikre gode til innbyggjarane våre. Samstundes har vi halde fast ved strategiar som fremjar effektiv drift, kvalitet og framtidsretta løysingar. Dette krev mykje, det krevje mykje av de folkevalde, og de krev mykje av innbyggjarane. Det tar på, men eg er optimist for framtida, og at vi på sikt skal få gode føreseielege rammer, som vil gagne heile kommunen. Det krev mot og vilje til å prioritere, og evne til å tenkje nytt når det er nødvendig.

Samarbeid har vore ein nøkkel til framgang i 2025. Eit godt tverrpolitisk klima har lagt grunnlaget for ansvarlege avgjerder til det beste for fellesskapet. Eg vil rette ei stor takk til kommunestyret, administrasjonen og alle tilsette i Ulstein kommune for innsatsen dei legg ned kvar dag. De er avgjerande for at vi skal lukkast.

Ulstein er ein del av ein sterk og framtidsretta region. Gjennom samarbeid med nabokommunane arbeider vi for å skape gode fagmiljø, gode tenester og sikre berekraftig utvikling på Søre Sunnmøre. Desse samarbeida vil vere viktig i åra som kjem.

Når vi no ser framover, skal vi byggje vidare på det positive grunnlaget vi har opparbeidd. Vi skal forvalte ressursane våre med klokskap, halde fram med nødvendige omstillingar og sikre at heile Ulstein kommune står rusta til å møte framtida.

2025 har gitt oss optimisme, men også eit tydeleg ansvar. Med budsjett disiplin, langsiktig tenking og eit sterkt fellesskap skal vi halde fram arbeidet med å utvikle Ulstein til det beste for innbyggjarane våre.

Stian Skorgen Scheide
ordfører

Slik les du dette dokumentet

Dokumentet du les no er kommunedirektøren sin årsrapport for 2025. Her finn du informasjon om årsresultat og kva dei ulike sektorane har hatt på sin agenda siste år.

Årsrapporten består av desse hovuddelane:

Innleiande kapittel "Introduksjon" (som du les no). Her kan du lese kommunedirektøren si innleiing, ordføraren si helsing og i tillegg finn du organisasjonskartet som viser leiarstrukturen i Ulstein kommune.

I år har vi og opna for at politikarar kan sende inn **spørsmål og få direkte svar** i årsrapporten. Med gode erfaringar frå budsjettprosessane vidarefører vi dette til årsrapporten. Spørsmål kan sendast til kommunedirektør på epost - jarl.martin.moller@ulstein.kommune.no. Dei som har tilgang til Politikarmodul i Framsikt har moglegheit til å legge inn spørsmål sjølve.

Vi legg og inn enkle **grafiske element og nøkkeltal** som viser det "store biletet" for kommunen. Du kan utvide dette feltet for å få meir informasjon ved å trykke på "Utvid for meir grafikk og nøkkeltal".

Sentrale kapittel som viser innstilling til vedtak med disponering av årsresultat og overføring av investeringsløyving frå siste år.

Vidare kan du lese om-

- **Økonomiske hovudtal** - Resultat og disponering av resultat, driftsinntekter, finans, avvik etter kommunelova, likviditet og gjeld, skatt og rammetilskot, eigedomsskatt, fond , pensjon og investeringar. Her finn du og inngåande analyse og kommentarar på dei ulike tala.
- **Personal og organisasjon** - om våre tilsette, lærlingar, tillitsvale og verneombod, likestilling, sjukefråvær, internkontroll og verdigrunnlaget vårt
- **Samfunn og befolkningsutvikling** - utvikling i folketal siste år
- **Årsrekneskap** - dei formelle tabellane og notar som skal vere med i ein årsrapport.

Tenesteområder - Her finn du sektorane si årsmelding der ein kan lese meir om -

- Om sektorane
- Oppsummering av året
- Status økonomi med kommentarar og tiltak
- Investeringsprosjekt
- Sjukefråvær

Mykje av opplysningane er tilgjengelege fleire stader og i fleire format. Vi håpar du kan finne den informasjonen du leitar etter, anten du ønskjer eit overblikk eller å gå i detalj på dei områda du er interessert i.

Årsrapporten er digital og tilpassar seg både mobil og PC-skjerm. Vi rår til å navigere mellom dei forskjellige kapitla via menyen øvst til høgre. I kapitla kan du navigere vidare i kolonne til venstre. Om du leitar etter noko spesifikt kan du bruke søkefunksjonen på toppen av sidene.

Økonomiske omgrep (sortert alfabetisk)

Arbeidskapital

Arbeidskapital er skilnaden mellom omløpsmiddel og kortsiktig gjeld.

Brutto driftsresultat

Driftsinntekter minus driftsutgifter.

Bundne fond

Bundne fond omfattar avsetjingar som kommunestyret ikkje kan disponere fritt. Midlane er bunde gjennom lov, forskrift eller avtale med gjevar

Fond generelt

I kommunerekneskapen er det to typar rekneskapsmessige fond: ubundne og bundne fond. I tillegg blir fond klassifisert for driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Alle fond er ein del av eigenkapitalen.

Fondsgrad

Disposisjonsfond i prosent av samla driftsinntekter.

Formidlingslån

Lån kommunen har teke opp for vidare utlån, mellom anna startlån.

Frie inntekter

Summen av ordinære skattar på inntekt og formue og rammetilskot. Dei frie inntektene er til fri disposisjon.

Gjeldsgrad

Netto lånegjeld i prosent av samla driftsinntekter (eksklusiv kalkulatoriske inntekter og interne overføringar).

Ikkje-sjølvsfinansierende investeringar

Investeringar som ikkje er sjølvsfinansierende, der lån til desse investeringane må betalast med "eigne" midlar.

Kapitalfond

Avsetjingar som kjem i hovudsak frå inntekter ved sal av fast eigedom, mottatte avdrag på utlån av eigne midlar, samt inntekter frå aksjar og sal av andelar. Slike inntekter kan berre nyttast til investeringar.

Kompensasjon for meirverdiavgift på investeringar

Statleg kompensasjon for meirverdiavgift på kommunen sine investeringar. Fram til 2014 var dette budsjettert og rekneskapsført som driftsinntekt. Frå 2014 vert det budsjettert og rekneskapsført i investeringsrekneskapen.

Likviditetsgrad

Likviditetsgrad = (omløpsmiddel – ubrukt lån – bundne fond – premieavvik på pensjon) / (kortsiktig gjeld – påløpte feriepengar)

Likviditetsreserve

Likviditetsreserve er definert som arbeidskapitalen minus bundne fondsmiddel, ubrukt lånemiddel og premieavvik på pensjon, pluss avsetjingar til påløpte feriepengar.

Netto driftsresultat

Brutto driftsresultat minus netto finansutgifter. Netto driftsresultat viser kva kommunen sit att med av midlar frå drifta før overføring til investeringar og avsetjingar til/bruk av fond.

Netto finansutgifter

Summen av renteutgifter og renteinntekter, avkastning av finansielle omløpsmidlar, utbytte og avdrag.

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsforpliktingar) minus utlån og ubrukt lånemiddel.

Resultatgrad

Netto driftsresultat i prosent av samla driftsinntekter (eksklusiv kalkulatoriske inntekter og interne overføringar).

Startlån

Bustadpolitisk verkemiddel. Kommunen tek opp startlån i Husbanken for vidare utlån. Startlån skal bidra til å skaffe og sikre eigna bustader for unge og vanskelegstilte på bustadmarknaden. Lånet er eit finansieringstilbod for bustadtiltak som vanlegvis ikkje får lån i ordinære kredittinstitusjonar.

Sjølvfinansierande investeringar

Sjølvfinansierande investeringar der lån til desse investeringane blir betalt av brukarbetalingar. I Ulstein kommune vert investeringar i vatn, avløp og renovasjon (VAR) og bustadar definerte som lønsame investeringar. I tillegg vert startlån knytt til denne kategorien, der låntakarane betaler lånekostnadene.

Ubundne fond

Ubundne fond i driftsrekneskapen (disposisjonsfond) er fond som er bygde opp gjennom kommunen sine frie inntekter eller andre inntekter utan bindingar på bruk. Fond kan fritt disponerast til både drift og investeringar.

Pensjonsomgrep (sortert alfabetisk)

Amortisering av premieavviket

Utgifts- eller inntektsføring av premieavviket i neste rekneskapsår eller over fleire år. Fram til 2011 blei premieavviket amortisert over 15 år, deretter over 10 år til 2014, og frå 2014 over 7 år.

Gjenstående akkumulert premieavvik

Kvart år blir differansen mellom årets premieavvik og fjorårets amortisering avsett i balansen og akkumulert år for år.

G-regulering

Grunnbeløpet vert brukt ved berekning av pensjonar frå folketrygda og justert årleg. Reguleringa tek

utgangspunkt i forventa lønnsvekst i reguleringsåret, justert for eventuelle avvik frå tidlegare år. Grunnbeløpet i folketrygda pr. 1. mai 2025 er 130 160 kroner.

Netto pensjonskostnad

Ein aktuarberekna storleik som i prinsippet skal angi eit jamt nivå for kommunen sin pensjonskostnad over tid, brukt til å berekne premieavviket.

Pensjonskostnad i rekneskap/budsjett

Årets pensjonspremie (utgift) minus årets premieavvik (inntekt) pluss tidlegare års amortisering (utgift).

Pensjonspremie

Den premien Ulstein kommune betaler til pensjonskassene (Storebrand, KLP og SPK).

Premieavvik


Differansen mellom innbetalt pensjonspremie og netto pensjonskostnad. Om denne differansen er positiv, vert den inntektsført i rekneskapen. Er den negativ, vert den utgiftsført.

Overblikk

1. Organisasjonskart

Lenke: [Digitalt organisasjonskart](#)

Organisasjonskart 2025



Årets nyskaping 2025 er Plassen

Årets nyskaping 2025 vart overraska på humorgalla på Sjøborg.



Under Humorgallaen på Sjøborg i mars 2026 vart vinnar av Årets nyskaping 2025 utnemnd. Det vart ein særers overraska og glad gjeng som fekk heideren.

Plassen, ein lågterskel sosial møteplass i Ulstein, tok med seg både vandrestatuett, diplom og ei pengegåve på 10.000 kroner.

Ordføraren løfta fram kor viktig Plassen er. Plassen er ein stad som skapar *inkludering, tryggleik og fellesskap* – og som eit eksempel på modig nyskaping i praksis.

Desse var også nominerte til Årets nyskaping 2025

Vurderingsgruppa hadde i år ei rekkje sterke kandidatar, og blant dei ni nominerte vart desse løfta fram som finalistar:

- **SeniorSmart** - Eit heilskapleg digitalt og sosialt kompetansetilbod for seniorar som styrkjer meistring, deltaking og livskvalitet.
- **Interkommunalt samarbeid for dokumentasjonsforvaltning** - Robust og framtidsretta arkivløyising mellom seks kommunar.
- **PPT – trefftider i skulen** - Fast tilgjengelegheit på skulane for betre samhandling og raskare avklaringar.
- **Ny organisering av begynneropplæringa ved Ulsteinvik barneskule** - Forskingbasert, leikande og trygg start for dei yngste elevane.

Og dei andre nominerte var:

- **TØRN-prosjektet, Helsekerdalen 20** – Ny organisering og smartere arbeidsmåtar som gir betre kvalitet og meir tid til brukarane.
- **Eining 5 i Helse og omsorg** – Ei rekkje nye tiltak som styrker kvalitet, samarbeid og brukarnær støtte gjennom heile døgnet.
- **Styrarsamarbeidet i kommunale barnehagar** – Felles rutinar og praksis som løftar arbeidsmiljø og barnehagemiljø.
- **3D-modell i områdeplan for sentrum** – Ny og engasjerande måte å visualisere utviklinga av sentrum på.

Kriteria

Kvart år deler Ulstein kommune ut pris til årets nyskapar og årets nyskaping. Det er dei tilsette i kommunen som kan nominere kollegaene sine, etter visse vilkår:

Følgjande kriteria ligg til grunn for nominasjon og utveljing til årets nyskaping (eit eller fleire):

- det skal vere noko som har blitt realisert eller prøvd realisert i nominasjonsåret
- det skal vere noko som opplevast som nytt
- det skal vere nyttig for brukarar, innbyggjarar og/eller tilsette
- det er med på å styrke berekrafta
- det skal gjerne redusere kostnader og frigjere kapasitet
- prosjekt som har hatt fokus på brukarbehov
- prosjekt som har fått til samskaping i praksis

Det er formannskapet som innovasjonsnemnd som kårer vinnaren.

Årets nyskapar

Årets nyskapar er Anne Hestflått.

Anne mottok prisen frå ordføraren ved opning av Skollebakken 1

Anne får prisen for arbeidet i Skollebakken 1 og for innsatsen ho over tid har lagt ned i fleire krevjande utbyggingsprosjekt i kommunen.

Anne har gjennom arbeidet sitt vist stor struktur, høg profesjonalitet og sterk gjennomføringsevne. Ho kombinerer solid fagkompetanse med god forståing for behova i organisasjonen, og har bidrege til løysingar som sikrar både framdrift, kvalitet og gode brukaropplevingar.



Ho har også vore oppteken av å finne gode og framtidsretta gjennomføringsmodellar. Gjennom kloke vurderingar og god prosjektstyring har ho medverka til løysingar som er både effektive, økonomisk berekraftige og tilpassa dei reelle behova i kommunen.

Eit viktig kjenneteikn ved arbeidet hennar er evna til å involvere fagmiljø, brukarar og samarbeidspartnarar i planlegging og gjennomføring. Det har gitt prosjekt og bygg som ikkje berre fungerer godt i drift, men som også blir opplevde som meningsfulle og godt tilpassa dei som skal bruke dei.

Anne har i tillegg bidrege med fagleg tyngde og tett oppfølging i komplekse saker utover dei formelle hovudoppgåvene sine. Evna hennar til analyse, struktur og god dialog har vore viktig for å finne gode løysingar i krevjande prosessar.

Prisen er difor ei velfortent anerkjenning av ein prosjektleiar som gjennom praksisnær og målretta innsats har skapt verdi for både organisasjonen, brukarane og lokalsamfunnet.

Innstilling til vedtak

Kommunedirektøren si tilråding

1. Ulstein kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2025 slik den ligg føre.
2. Ulstein kommunestyre godkjenner rekneskapen for 2025 med eit positivt netto driftsresultat på 34 901 147 kroner.
3. Overføring av ubrukte investeringsmidlar frå 2025 til 2026 som vist i tabell under:

Hovudprosjekt	Hovudprosjekt (T)	Art	Art (T)	Sum rebudsjettering 2026
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	348 024
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	02720	Andre tenester	100 000
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	112 006
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	07000	Refusjon frå staten	-50 000
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune			510 030
012100	Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	980 061
012100	Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	245 015

Årsmelding 2025

012100	Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje			1 225 076
012101	Soknet - Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	2 485 460
012101	Soknet - Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	621 365
012101	Soknet - Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard			3 106 825
012102	Soknet - Ny Gravplass - grunnerv/arkeologi	02720	Andre tenester	150 000
012102	Soknet - Ny Gravplass - grunnerv/arkeologi	02800	Grunnerv	2 446 481
012102	Soknet - Ny Gravplass - grunnerv/arkeologi	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	37 500
012102	Soknet - Ny Gravplass - grunnerv/arkeologi	09400	Bruk av ubundne fond	-2 000 000
012102	Soknet - Ny Gravplass - grunnerv/arkeologi			633 981
012400	Sentraladm - Oppgradering dagens rådhus	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	151 823
012400	Sentraladm - Oppgradering dagens rådhus	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	37 956
012400	Sentraladm - Oppgradering dagens rådhus			189 779
012450	Eigedom - Uglasætra barnehage	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	977 232
012450	Eigedom - Uglasætra barnehage	02800	Grunnerv	420 000
012450	Eigedom - Uglasætra barnehage	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	244 308
012450	Eigedom - Uglasætra barnehage			1 641 540

Årsmelding 2025

012452	Eigedom - Omsorgsbustadar Skollebakken 1	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	2 780 856
012452	Eigedom - Omsorgsbustadar Skollebakken 1	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	695 214
012452	Eigedom - Omsorgsbustadar Skollebakken 1			3 476 070
012540	Soknet - Audiovisuelt utstyr	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	462 624
012540	Soknet - Audiovisuelt utstyr	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	115 656
012540	Soknet - Audiovisuelt utstyr			578 280
012552	Eigedom - Uteområde Ulsteinvik barneskule	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	5 367
012552	Eigedom - Uteområde Ulsteinvik barneskule	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	1 342
012552	Eigedom - Uteområde Ulsteinvik barneskule			6 709
012652	Investeringspakke oppgradering eigedom	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	5 304
012652	Investeringspakke oppgradering eigedom	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	1 326
012652	Investeringspakke oppgradering eigedom			6 630
019901	Formidlingslån	05220	Vidareutlån	5 167 765
019901	Formidlingslån	09120	Bruk av lån til vidareutlån	-5 167 765
019901	Formidlingslån			0
019950	Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar	02850	Kjøp av eksisterande bygg og anlegg	3 262 383
019950	Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar	05100	Ekstraordinært avdrag på lån	7 386 632

Årsmelding 2025

019950	Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar	06700	Sal av fast eigedom	-7 386 632
019950	Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar	09400	Bruk av ubundne fond	-1 745 569
019950	Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar			1 516 814
021601	Utvikling av skuleområde - forprosjekt	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	385 128
021601	Utvikling av skuleområde - forprosjekt	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	96 282
021601	Utvikling av skuleområde - forprosjekt			481 410
022101	Forskottering av tippemidlar til ny turnhall	05400	Avsetningar til ubundne investeringsfond	-4 092 000
022101	Forskottering av tippemidlar til ny turnhall	08300	Overføring frå fylkeskommunar	4 092 000
022101	Forskottering av tippemidlar til ny turnhall			0
022205	Forskottering spelemidlar rehabilitering Ulsmohallen	05400	Avsetningar til ubundne investeringsfond	476 880
022205	Forskottering spelemidlar rehabilitering Ulsmohallen	08300	Overføring frå fylkeskommunar	-476 880
022205	Forskottering spelemidlar rehabilitering Ulsmohallen			0
022401	Barnehage - Forprosjekt utbygging Almejordet bhg	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	500 000
022401	Barnehage - Forprosjekt utbygging Almejordet bhg	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	125 000
022401	Barnehage - Forprosjekt utbygging Almejordet bhg			625 000
032300	Bilar omsorg - utskifting frå leasing til kjøp	02100	Kjøp av transportmidlar	199 257
032580	Legeteneste - Utviding kontorplass Ulstein legesenter	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	-25 000

Årsmelding 2025

050000	VA - Investering vatn	02100	Kjøp av transportmidlar	721 022
050000	VA - Investering vatn	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	4 488 418
050000	VA - Investering vatn	02720	Andre tenester	22 690
050000	VA - Investering vatn			5 232 130
050001	VA - Investering avløp	02100	Kjøp av transportmidlar	673 285
050001	VA - Investering avløp	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	1 570 900
050001	VA - Investering avløp			2 244 185
051701	Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	3 334 414
051701	Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	833 603
051701	Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	05100	Ekstraordinært avdrag på lån	9 577 775
051701	Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	06700	Sal av fast eigedom	-9 577 775
051701	Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging			4 168 017
051900	Utbygging - Tomteklargjering Saunesmarka	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	330 054
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	803 926
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	02850	Kjøp av eksisterande bygg og anlegg	650 000
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	200 982

Årsmelding 2025

052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	05400	Avsetningar til ubundne investeringsfond	46 074
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	07700	Refusjon frå andre (private)	-1 500 000
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn			200 982
052001	Veg - Gangveg/turveg indre Haddal	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	416 478
052001	Veg - Gangveg/turveg indre Haddal	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	104 119
052001	Veg - Gangveg/turveg indre Haddal	05400	Avsetningar til ubundne investeringsfond	41 495
052001	Veg - Gangveg/turveg indre Haddal	08300	Overføring frå fylkeskommunar	-457 974
052001	Veg - Gangveg/turveg indre Haddal			104 118
052207	Sikring av boss plass på Fløstranda	09400	Bruk av ubundne fond	-408 773
052207	Sikring av boss plass på Fløstranda	04800	Overføring til kommunalt føretak i eigen kommune	408 773
052207	Sikring av boss plass på Fløstranda			0
052208	Veg - Automatisk måling av veglys	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	423 777
052208	Veg - Automatisk måling av veglys	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	105 944
052208	Veg - Automatisk måling av veglys	09400	Bruk av ubundne fond	-100 000
052208	Veg - Automatisk måling av veglys			429 721
052401	Veg - Brøyteutstyr	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	361 000

Årsmelding 2025

052401	Veg - Brøyteutstyr	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	90 250
052401	Veg - Brøyteutstyr			451 250
052404	Veg - Ny lastebil	02100	Kjøp av transportmidlar	3 065 872
052404	Veg - Ny lastebil	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	64 550
052404	Veg - Ny lastebil			3 130 422
052405	Veg - Oppgradering kommunale vegar	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	550 287
052405	Veg - Oppgradering kommunale vegar	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	137 572
052405	Veg - Oppgradering kommunale vegar			687 859
052514	Gangveg Storehølvegen	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	1 000 000
052514	Gangveg Storehølvegen	09400	Bruk av ubundne fond	-1 000 000
052514	Gangveg Storehølvegen			0
052520	Veg - Hjullastar Lundberg	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	1 992 350
052520	Veg - Hjullastar Lundberg	02100	Kjøp av transportmidlar	1 840 000
052520	Veg - Hjullastar Lundberg	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	498 088
052520	Veg - Hjullastar Lundberg			4 330 438
052530	Brann - Køyretøy brannvesen	02100	Kjøp av transportmidlar	3 000 000
052610	Skulestruktur - Trafikktrygging skuleveg	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	603 552
052610	Skulestruktur - Trafikktrygging skuleveg	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	150 888
052610	Skulestruktur - Trafikktrygging skuleveg			754 440

Årsmelding 2025

099999	Finansiering investering	07290	Kompensasjon for meirverdiavgift	-4 518 966
099999	Finansiering investering	09100	Bruk av lån	-34 717 051
099999	Finansiering investering			-39 236 017

Økonomiske hovudtal

Netto driftsresultat og disponering av netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Rammetilskot	-333 797	-322 794	-322 294	-500
Inntekt- og formuesskatt	-349 758	-370 862	-387 600	16 738
Eigedomsskatt	-12 877	-12 877	-12 567	-310
Andre generelle driftsinntekter	-65 754	-67 754	-68 281	527
Sum generelle driftsinntekter	-762 186	-774 287	-790 741	16 455
Netto driftsutgifter i kommunalområda	656 558	666 069	656 431	9 637
Avskrivningar	63 144	66 793	66 793	0
Sum netto driftsutgifter	719 703	732 862	723 225	9 637
Brutto driftsresultat	-42 483	-41 425	-67 517	26 092
Renteinntekter	-8 753	-11 171	-12 273	1 102
Utbytte	-1 500	-1 500	-1 725	225
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-3 500	-3 500	-2 774	-726
Renteutgifter	57 784	60 356	60 286	70
Avdrag på lån	56 185	55 900	55 895	5
Netto finansutgifter	100 216	100 085	99 409	676
Motpost avskrivningar	-63 144	-66 793	-66 793	0
Netto driftsresultat	-5 412	-8 133	-34 901	26 768
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	0	1 038	1 038	0
Avsetningar til bundne driftsfond	84	84	6 380	-6 296
Bruk av bundne driftsfond	-95	-1 133	-3 708	2 575
Avsetningar til disposisjonsfond	5 423	7 764	30 811	-23 047
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	380	380	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	5 412	8 133	34 901	-26 768

Årsmelding 2025

	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

Rekneskapen for Ulstein kommune viser eit positivt netto driftsresultat på 34,9 millionar kroner, 26,8 millionar kroner betre enn revidert budsjett.

Netto avsetnad til bundne driftsfond på 2,7 millionar kroner, dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen på 0,4 millionar kroner og ei overføring til investeringsrekneskapen på 1,0 millionar kroner gjer at disposisjonsfondet vert styrka med 30,8 millionar kroner.

I underkant av 7 millionar kroner av auken kjem av tilbakeføring frå sjølvkostområdet til disposisjonsfondet sidan sjølvkostfonda til kommunen i tidlegare år ikkje har vore store nok til å dekke underskot innan sjølvkostområdet.

Ved utgangen av 2025 er disposisjonsfondet til kommunen på 45,5 millionar kroner.

Generelle driftsinntekter

Beløp i 1000


	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
generelle driftsinntekter					
Rammetilskot	-314 300	-333 797	-322 794	-322 294	-500
Inntekt- og formuesskatt	-319 193	-349 758	-370 862	-387 600	16 738
Eigedomsskatt	-12 428	-12 877	-12 877	-12 567	-310
Andre generelle driftsinntekter	-79 699	-65 754	-67 754	-68 281	527
Sum generelle driftsinntekter	-725 620	-762 186	-774 287	-790 741	16 455

Skatt og rammetilskot

For skatt og rammetilskot (medrekna inntektsutjamning) vart det i 2025 eit samla positivt avvik på 16,2 millionar kroner, sjå figuren under:

Årsmelding 2025


Skatt på inntekt/formue (medrekna inntekstutjamning) versus budsjett, akkumulert avvik i 2025




Året starta svakt, men tok seg kraftig opp i løpet av året.

Den markante auken i november skuldast dei spesielle effektane av at skatteoppgjeret for inntektsåret 2024 då var klart for alle skattytarar.

Det var særleg det såkalla korreksjonsoppgjeret (avrekninga av fordelinga av skatteinntektene mellom stat, kommune, fylkeskommune og folketrygd) som vart langt betre enn dei to føregåande åra:



Med omsyn til skatteinngangen per innbygger, var det ein klar betring målt mot resten av landet og den er no på det høgaste nivået sidan oljenedturen starta:



I budsjettet for 2025 vart det lagt til grunn ein skatteinngang per innbyggjar på om lag 95,0% av landssnittet.


For ein kommune på storleik med Ulstein vil ein auke i skatteinngangen på 1 prosent i forhold til resten av landet gi vel 1,4 millionar kroner i netto inntektsauke etter inntektsutjamning.

Når det i tillegg vart ein nasjonal meirskattevekst på 1,8 milliardar kroner målt mot anslaget i statsbudsjettet for 2025, vart det eit betydeleg positivt avvik på skatteinntektene i 2025.

Eigedomsskatt

Inntektene frå eigedomsskatten vart 310 000 kroner mindre enn budsjettet, og utgjorde 12,6 millionar kroner.

Eigedomsskattesatsen er på 1,5%, og samanlikna med resten av landet er inntektene frå eigedomsskattesatsen per innbyggjar låge:




Inntektene frå eigedomsskatten inngår ikkje i inntektsutjamninga og kommunane får derfor behalde inntekta i sin heilskap.

Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter består av inntekter frå Havbruksfondet, rentekompensasjon frå Husbanken, statlege integreringstilskot og konsesjonsavgift for Ulsteindalen.

For Havbruksfondet vart det eit negativt avvik på om lag 200 000 kroner, mens det vart positive avvik knytt til rentekompensasjonen og integreringstilskota med høvesvis 275 000 og 448 000 kroner.

Som figuren under viser, har statlege tilskot knytt til kommunen sitt ansvar som vertskommune for asylmottaket og integrering av busette flyktingar auka kraftig dei siste åra, med eit førebels toppår i 2024:



Finansinntekter og -utgifter

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000 kr

Netto finansutgifter	Opphavelig budsjett 2025	Politisk vedteke budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Renteinntekter	-8 753	-11 171	-12 273	1 102
Utbytte	-1 500	-1 500	-1 725	225
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-3 500	-3 500	-2 774	-726
Renteutgifter	57 784	60 356	60 286	70
Avdrag på lån	56 185	55 900	55 895	5
Totalsum	100 216	100 085	99 409	676

Netto finansutgifter viser eit samla budsjettoverskot på 676 000 kroner.

For renteinntektene vart det eit positivt avvik på vel 1,1 millionar kroner, mens utbyttet frå Tussa vart 225 000 kroner større enn budsjettert.

På den anna side vart avkastninga på midlar til aktiv forvaltning 726 000 kroner mindre enn budsjettert avkastning på 3,5 millionar kroner, sjå tabellen under:

	Kostpris	Portefølje 31.12.2024	Kjøp/sal 2025	Avkastning 2025	Portefølje 31.12.2025
ODIN Norge B	2 131 048	4 205 831	-2 500 000	770 717	2 476 548
ODIN Global B	4 500 000	8 158 003	-7 735 616	-422 387	-
ODIN Norsk Obligasjon B	1 500 000	1 735 332	-1 809 665	74 333	-
ODIN Norsk Obligasjon F	-	-	1 809 665	23 434	1 833 099
ODIN Kreditt B	1 500 000	1 924 010		155 050	2 079 060
ODIN Likviditet A	32 227 500	40 514 692		2 003 627	42 518 319
Sparebank 1 Alt-i-ett 100 A	-	-	10 235 616	169 634	10 405 250
Totalt	41 858 548	56 537 868	-	2 774 408	59 312 276

22. juni 2020 vart det overført 44 227 500 til ODIN Forvaltning for aktiv forvaltning.

Tabellen under viser at det er oppnådd ei ekstra avkastning på om lag 6,3 millionar kroner samanlikna med avkastninga kommunen ville ha hatt etter rentevilkåra i bankavtalen:

Årsmelding 2025

Dato	22.06.2020	31.12.2025	Avkastning
ODIN	44 227 500	59 312 276	34,11 %
Bankinnskot Sparebank1	85 722	102 557	19,64 %
Tilleggsrente plasseringskonto (vekta snitt)		206	0,24 %
Alternativ avkastning ved plassering i bank	85 722	102 763	19,88 %

ODIN-portefølje 31.12.2025	59 312 276
Saldo ved plassering av 44 227 500 i bank	53 019 514
Meiravkastning	6 292 762

Det er eit positivt avvik på til saman 75 000 kroner for renteutgiftene og minsteavdraget.

Det vert rapportert meir utførleg om lånegjelda under kapitlet om økonomiske styringsindikatorar og finansielle måltall.

Vesentlege avvik etter § 14-7 i kommunelova

Etter § 14-7 i kommunelova skal årsmeldinga gjere greie for vesentlege avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen.

Tabellen under viser avvika per kommunalområde sortert på KOSTRA-art etter § 5-4 andre ledd i rekneskapsforskrifta:

Driftsinntekter- og utgifter etter KOSTRA-art sortert på kommunalområde	Politisk og administrasjon	Oppvekst og kultur	Helse og omsorg	Teknisk etat	Skatt og rammetils kott med meir	Totalt
Andre overføringar og tilskot frå staten		518 224				518 224
Overføringar og tilskot frå andre	2 479 519	11 273 033	-5 325 887	1 206 600	-600 000	9 033 265
Brukarbetalingar		-741 645	580 224			-161 421
Sals- og leigeinntekter	2 904 493	1 338 971	978 878	2 418 352		7 640 694
Avvik driftsinntekter	5 384 012	12 388 583	-3 766 784	3 624 952	-600 000	17 030 762
Lønsutgifter	2 873 000	-10 310 884	-2 765 312	1 284 333		-8 918 863
Sosiale utgifter	1 445 701	-623 037	-1 615 251	1 490 245		697 658

Årsmelding 2025

Kjøp av varer og tenester	3 169 771	-1 453 994	-2 948 679	2 178 893	9 643	955 634
Overføringar og tilskot til andre	59 915	-1 278 600	529 686	561 241		-127 758
Avvik driftsutgifter	7 548 387	-13 666 515	-6 799 556	5 514 712	9 643	-7 393 329
Totalt avvik per kommunalområde	12 932 399	-1 277 932	-10 566 340	9 139 664	-590 357	9 637 433

Tabellen viser eit samla positivt avvik på 17,0 millionar kroner for driftsinntektene, mens det er eit negativt avvik på 7,4 millionar kroner for driftsutgiftene.

Driftsinntekter

For **andre overføringar og tilskot frå staten** er det positive avviket innan oppvekst og kultur knytt til frivilligsentralane.

For **overføringar og tilskot frå andre** kjem om lag 1 million kroner av det positive avviket på 2,5 million kroner innan politisk og administrasjon frå prosjektmidlar til interkommunalt samarbeid, mens det resterande i all hovudsak kjem frå kommunale utleigebustadar og bygg.

For **oppvekst og kultur** kjem det betydelege positive avviket på 11,3 millionar kroner i stor grad av prosjektførte inntekter (10,2 millionar kroner), i tillegg til større refusjonsinntekter enn budsjettert for PPT.

Det negative avviket på 5,3 millionar kroner for **helse og omsorg** kjem av at refusjonsinntekta for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester vart 8,1 millionar kroner mindre enn budsjettert, i kombinasjon med 1,9 millionar kroner større refusjonsinntekter enn budsjettert frå staten og andre kommunar innan helseområdet.

For **teknisk etat** kjem halvparten av det positive avviket på 1,2 millionar kroner frå større refusjonsinntekter enn budsjettert innan brann og redning, mens det resterande avviket i hovudsak kjem av ikkje budsjetterte prosjektinntekter frå Miljødirektoratet.

Det negative avviket på 0,6 millionar kroner **utanom kommunalområda** kjem av mindreinntekter frå fjernvarmeselskapet knytt til leige av infrastruktur.

Det positive avviket for sals- og leigeinntekter på 2,9 millionar kroner innan **politisk og administrasjon** kjem i si heilheit frå eigedomsavdelinga.

For dei **andre kommunalområda** kjem dei største positive avvika av Sjøborg kulturhus (2,1 millionar kroner) og innan sjølvkostområdet (2,5 millionar kroner).

Driftsutgifter

Dei største negative avvika på utgiftssida er knytt til lønsutgiftene innan **oppvekst og kultur**, og då særleg innan skuleområdet med 10,5 millionar kroner (643 000 kroner av det negative avviket er prosjektført).

For **teknisk etat** kjem 3,8 millionar kroner av det positive avviket på 5,5 millionar kroner på utgiftssida frå sjølvkostområda vatn og avløp, mens 1,0 millionar kroner kjem frå bustadføremål/andre bustadtiltak og 0,5 millionar kroner frå oppmåling, regulering og byggesak.

Politisk side bidrog med mindreforbruk på 1,1 million kroner, hovudsakleg grunna mindre kostnader til valavvikling enn budsjettert (0,3 millionar kroner), mindre møtegodtgjersle enn budsjettert (0,3 millionar kroner) og unyttta del av potten til formannskapet for tilleggsøyvingar (0,5 millionar kroner).

Dei største positive avvika innan **administrasjonen** er knytt til ei ikkje budsjettert tilbakeføring frå SSIKT på 2,4 millionar kroner, i tillegg til mindreforbruk til lærlingordninga med 1,1 millionar kroner og fleire til dels betydelege positive avvik innan lønnsområdet grunna vakansar.

For **helse og omsorg** kjem størsteparten av det negative avviket for driftsutgiftene på 6,8 millionar kroner frå helseområdet med 6,3 millionar kroner (1,9 millionar kroner av det negative avviket er prosjektført).

Økonomiske styringsindikatorar og finansielle måltal

Kommunestyret vedtok i mars 2018 følgjande styringsindikatorar ved budsjettering for å kunne betre dei finansielle nøkkeltala/få ned lånegjelda:

- Netto driftsresultat skal minimum utgjere 1,75 prosent av driftsinntektene
- Disposisjonsfondet skal byggast opp til 7,5 prosent av brutto driftsinntekt
- Minimum 20 prosent eigenkapital for lånefinansierte investeringar kor driftsinntektene ikkje dekker driftskostnader og renter/avdrag frå første fulle driftsår
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på snittet i Møre og Romsdal innan 15 år

Kravet om 20 prosent eigenkapital for lånefinansierte investeringar er vanskeleg å støtte fordi kapitalfondet ved utgangen av 2025 er redusert til 19,7 millionar kroner viss den delen av kapitalfondet som ikkje skal verte nytta til andre investeringsføremål enn innbetaling av eigenkapitaltilskot viss kommunen skal tre inn igjen i KLP vert haldne utanfor.

Kommunen vil difor måtte ta av disposisjonsfondet viss dette kravet framleis skal etterlevast, og det kjem i konflikt med målet om at disposisjonsfondet skal byggast opp til 7,5 prosent av brutto driftsinntekt.

Punktet om netto lånegjeld vart i budsjettvedtaket til økonomiplanen for 2026-2029 endra til følgjande:


Ulstein kommune innfører eit gjeldstak slik at gjelda målt i % av inntekt går ned etter som inntekta aukar.

Ein tek utgangspunkt i netto renteeksponert gjeld per 31. desember årleg for å måle utviklinga i gjelda framover.


Gjeld til sjølvkost og formidlingslån vert haldne utanfor berekninga.

Måltal for netto driftsresultat

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter vart for første gang større enn målalet sidan det vart etablert i 2018, sjå figuren under:



Avviket mot målalet i 1000 kroner går fram av figuren under:




Netto driftsresultat har den svakheit som resultatmål at den mellom anna inneheld sjølvkostresultatet som for 2025 var på 8,7 millionar kroner.

Som det går fram av figuren over, ville kommunen likevel ha nådd resultatmålet for 2025 sjølv utan dette.


Måltal for disposisjonsfondet

Disposisjonsfondet til kommunen utgjør 45,5 millionar kroner ved årets slutt, som utgjør 4,18% av driftsinntektene.

Størrelsen på disposisjonsfondet i prosent av driftsinntektene sidan målalet på 7,5% vart innført i 2018 går fram av figuren under:



Avviket mot måltallet i 1000 kroner går fram av figuren under:




Det vart gjennomført ein solid økonomisk snuoperasjon i løpet av 2025 som er særst gledeleg, men figuren over illustrerer at jobben på ingen måte er ferdigstilt og at det framleis er naudsynt med stram økonomisk styring.

Likviditets- og gjeldsrapportering

Likviditet


Grafen under viser utviklinga i likviditet (ikkje medrekna kontoen for skattetrekk og midlar til aktiv forvaltning) i 2024 og 2025:



Kommunen har om lag 27,7 millionar kroner meir på konto ved utgangen av 2025 enn året før, men det er og viktig å sjå likviditeten i samanheng med unytta lånemidlar (lån som er tatt opp til investeringsføremål, men enno ikkje nytta).

Sjå figuren under:

Årsmelding 2025



Figuren viser at det er ei netto betring i summen av bankinnskot minus unytta lånemidler på 55,4 millionar kroner frå 2024 til 2025.

Positive driftsresultat, i kombinasjon med inntekter frå sal av tomter og eigedomar og mottekne tippemidler, har bidrege til dette.

Lånegjeld, rente- og refinansieringsrisiko

Brutto lånegjeld for konsernet utgjorde 1572,5 millionar kroner ved årsskiftet.

Den høge lånegjelda gjer at netto renter og avdrag i 2025 utgjorde 9,55 prosent av brutto driftsinntekter.


Sjølv om Ulstein har svært høg lånegjeld, er det viktig å vere klar over at ein stor del av den renteutsette gjelda er rentesikra.

Trekker vi ifrå **unytta lånemidler** (39,9 millionar kroner) og **utlån** (127,8 millionar kroner), utgjer **netto lånegjeld** 1404,8 millionar kroner.

Justerer vi for **lån knytt til sjølvkostområdet** (201,6 millionar kroner) og berekningsgrunnlag for **rentekompensasjonsordningane** (14,6 millionar kroner), er den **renteeksponeerte gjelda** på 1188,6 millionar kroner.

Om vi i tillegg justerer for **renteberande likviditet** (45,0 millionar kroner), utgjer **netto renteekspontert gjeld** 1143,6 millionar kroner.

Sjå figuren under for netto renteekspontert gjeld i 2024 og 2025:




Som det går fram av figuren over, har netto renteeksponert gjeld blitt redusert med 38,3 millionar kroner i 2025.

Gjeldsutviklinga stetter difor kravet til gjeldstaket som vart vedteke i budsjettvedtaket for økonomiplanen for 2026-2029.

Av den netto renteeksponerte gjelda på 1143,6 millionar kroner, er 816,4 millionar kroner (71,4 prosent) rentesikra gjennom enten fastrentelån eller rentebytteavtalar.

Kravet i rentestrategien til kommunen om at minimum 70 prosent av netto renteeksponert gjeld skal vere rentesikra er difor stetta.

Rentesikringa gjer at netto finanskostnader berre vil auke med om lag 3,3 millionar kroner ved ein renteauke på 1 prosent. Sjå figuren under:



Vekta gjennomsnittrente, marknadsrenter og rentebindingstid for låna til Ulstein kommune går frem av tabellane under:

PORTEFØLJEN OG MARKNADSRENTER PR. 31.12.2025

Vekta gjennomsnittrente	P.t Kommunalbanken	Norges Bank (styringsrente)	3 mnd Nibor	6 mnd Nibor	3 års SWAP	5 års SWAP
3,67 %	4,85 %	4,00 %	4,07 %	4,23 %	4,00 %	3,95 %

Intervall	Pålydende i NOK	Rentebindingstid	Andel	Akkumulert andel
Under 1 år	755 338 941	0,09	48,06 %	48,06 %
1 til 2 år	167 024 000	0,17	10,63 %	58,68 %
2 til 3 år	146 727 000	0,21	9,34 %	68,02 %
3 til 5 år	100 000 000	0,19	6,36 %	74,38 %
> 5 år	402 687 000	1,90	25,62 %	100,00 %
SUM	1 571 776 941	2,56	100,00 %	

Lån som vil verte refinansiert i løpet av 2026 utgjer 949,2 millionar kroner (60,4 prosent) av total brutto lånegjeld.

Refinansieringsrisikoen vert likevel vurdert til å vere liten.

Investering

I kapitlet Årsrekneskap ligg kommunen sitt investeringsrekneskap i tabellane Løyvingsoversikt investering etter §5-5 første ledd og Løyvingsoversikt investering etter §5-5 andre ledd.

Kommentar og status på dei enkelte investeringsprosjekta ligg under kommunen sine tenesteområde.

Investeringsutgifter

Samla investeringsutgifter i Ulstein kommune var 145,62 mill kr i 2025, som var 57,17 mill kr lågare enn revidert budsjett.

I siste budsjettjustering for året vart budsjett på investeringsutgifter redusert med 35,5 mill og overført til 2026.

Etter avslutning av investeringsrekneskapen for 2025 blir ytterligare 34,72 mill foreslått overført til 2026.

Overføring av ubrukte investeringsrammer frå 2025 til 2026 blir totalt 70,22 mill kr, noko som utgjer 64,8% av det opphavlege investeringsbudsjettet i 2025.

Finansiering

Investeringsutgiftene er i hovudsak finansiert av lån, meirverdiavgiftskompensasjon og tilskot frå andre.

Sal av varige driftsmiddel i 2025 var på 25,05 mill.

Sidan investeringsutgiftene vart lågare enn budsjettert, vart dermed finansiering med lån 34,72 mill kr lågare enn budsjettert, totalt 88,46 mill kr.

Personal og organisasjon

Våre tilsette

Våre tilsette er hjartet i organisasjonen.

Vi er ein mangfaldig arbeidsplass, med fagfolk i alle aldrar, bakgrunnar og kompetansar.

Vi deler eit felles mål: å skape gode kvardagar for dei som bur og arbeider her.

Vi er lærarar, sjukepleiarar, barnehagetilsette, fagarbeidarar, rådgivarar, driftspersonell, leiarar og spesialistar.

Nokre møter innbyggjarane kvar dag, andre jobbar i kulissane for å sikre at hjula går rundt. Felles for alle er ønsket om å bidra, utvikle, støtte og løyse utfordringar i stort og smått.

Arbeidsfellesskapet vårt er prega av samarbeid, kompetanse og vilje til å finne løysingar.

Vi står i omstillingar, vi lærer nytt, vi utviklar tenester, og vi hjelper kvarandre når det trengst.

Våre tilsette er også med på å forme kommunen sin kultur med nyskaping, omsorg, rausheit og mangfald.

Utvikling i tal tilsette og samansetning


Tabellen under viser utvikling i tal på tilsette og årsverk frå 2024 til 2025. Vi ser ei svak auke i årsverk og ein liten reduksjon i talet på tilsette.

	Årsverk 2024	Tilsette 2024	Årsverk 2025	Tilsette 2025
10000 Kommunedirektør	1,5	2	37,38	40
11000 Org og utv	25	27	21,9	24
20000 Oppvekst	330,39	366	305,59	340
30000 Omsorg	255,16	325	251,37	315
50000 Teknisk	23,93	56	23,42	54
60000 Politisk	1,2	2	1,2	2
Sum	637,18	778	640,86	775


Det er viktig å merke seg at frå nyttår 2025 gikk UEKF (37,8 årsverk og 39 tilsette) frå å vere eige selskap til å verte eigedomsavdeling organisert under kommunedirektøren. I tillegg vart Høddvollbarnehagen (12,6 årsverk og 14 tilsette) kommunal frå 01.01.2025.

Reduksjonen i årsverk og tilsette i 2025 er vist nedanfor.


Årsmelding 2025



Utvikling periode 2022-2025



Årsmelding 2025



Som i andre kommunar, har vi framleis aller flest kvinner i vår organisasjon. Omlag 88% av dei tilsette er kvinner. Aldersfordelinga er i all hovudsak god med ein snittalder i underkant av 50 år.

Alder	Kjønn	2024		2025	
		Tilsette	Prosent	Tilsette	Prosent
<25 år	Kvinner	50	6,46 %	37	4,79 %
<25 år	Menn	11	1,42 %	9	1,17 %
<25 år	Total	61	7,88 %	46	5,96 %
25-34 år	Kvinner	129	16,67 %	117	15,16 %
25-34 år	Menn	29	3,75 %	21	2,72 %
25-34 år	Total	158	20,41 %	138	17,88 %

Årsmelding 2025

35-44 år	Kvinner	150	19,38 %	153	19,82 %
35-44 år	Menn	48	6,20 %	51	6,61 %
35-44 år	Total	198	25,58 %	204	26,42 %
45-54 år	Kvinner	146	18,86 %	162	20,98 %
45-54 år	Menn	37	4,78 %	34	4,40 %
45-54 år	Total	183	23,64 %	196	25,39 %
55-64 år	Kvinner	116	14,99 %	125	16,19 %
55-64 år	Menn	35	4,52 %	42	5,44 %
55-64 år	Total	151	19,51 %	167	21,63 %
>64 år	Kvinner	22	2,84 %	16	2,07 %
>64 år	Menn	1	0,13 %	5	0,65 %
>64 år	Total	23	2,97 %	21	2,72 %
Total		774	100,00 %	772	100,00 %

Lærlingar

Ulstein kommune er knytt til Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre og dei gjer mykje av jobben med rekruttering og oppfølging av lærlingane våre.

Samanlikna med tidlegare år, har vi no færre lærlingar som er rekruttert rett frå vidaregåande skule.

Det har vore vanskelegare å få rekruttert ordinære lærlingar, sjølv om vi har eit ønske om å gi dette tilbodet. Fleire tek lærlingløpet yrkesvegen der dei allereie er i jobb i kommunen og tek eit kompetansekløft for å få heva og formalisert kompetansen sin. Vi er glade for å sjå at det no er større søking til lærlingplass frå yrkesfag i vidaregåande skule.

Gjennom året har vi hatt 18 lærlingar fordelt på barne og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar og institusjonskikk.

Ved utgangen av året, var det i alt 13 lærlingar i Ulstein kommune.

Tillitsvalde og verneombod

Hovudtillitsvalde hadde i 2025 til saman 182 prosents frikjøp fordelt på desse organisasjonane;

- Fagforbundet
- Utdanningsforbundet
- Delta
- Norsk sjukepleiarforbund.

Dei aller fleste av våre tilsette er fagorganisert.

Det vart arrangert samling for alle verneomboda i kommunen. Tema var fysisk arbeidsmiljø, avvikssystem og rolla som verneombod. Hovudverneombodet har 40 prosents frikjøp for å skjøtte dette vervet.

Ulstein kommune har dyktige og engasjerte tillitsvalde og verneombod som både kan støtte og utfordre arbeidsgivar.

Vi har faste samhandlingsmøte med hovudtillitsvalde og hovudverneombod ein gong per måned. I desse møta vert informasjon utveksla og saker vert løfta. Her møter kommunedirektøren, personalleiar og kommunalsjefane. Det er i tillegg både formelle og uformelle møte mellom leiing og fagorganisasjonane. Samhandlinga vert opplevd som god. Hovudtillitsvalde for dei største organisasjonane har frikjøp og kontorplass på rådhuset.

Hovudverneombodet har faste møte med personal-leiar ein gong per måned. I desse møta vert det gjort avtalar om aktivitet ut frå informasjon vi får frå leiarar og verneombod ute i organisasjonen. Her blir også utviklingsarbeid løfta.. Rutinar og reglement der hovudverneombodet har hatt ei sentral rolle i 2025, er mellom anna:

- Varslingsrutinar er oppdatert
- Årshjul for HMS-gruppene på kvar arbeidsplass er utarbeidd og iverksett
- Rutinar for HMS-gruppene er utbreidd og kommunisert

Arbeidsmiljøutvalet er ein annan arena for samhandling mellom arbeidsgivar og arbeidstakarrepresentantar. Her møter også bedriftshelsetenesten. Hovudverneombodet og sentrale hovudtillitsvalde deltek også i felles leiarsamlingar.

Likestilling

Kjønnsfordeling

I kommunedirektøren si leiargruppe er kjønnsfordelinga slik: tre menn og fire kvinner.

I gruppa leiarar med økonomi- og personalansvar er kjønnsfordelinga slik: 8 menn og 21 kvinner

Prosentvis fordeling av kvinner og menn i organisasjonen

År		2024	2024	2025	2025
		Pros...	Pros...	Pros...	Pros...
Org.enhet	Gruppe1	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
10000	Kommunedirektør	50,00%	50,00%	67,50%	32,50%
11000	Org og utv	88,89%	11,11%	87,50%	12,50%
20000	Oppvekst	82,79%	17,21%	84,41%	15,59%
30000	Omsorg	86,15%	13,85%	85,40%	14,60%
50000	Teknisk	14,29%	85,71%	14,81%	85,19%
60000	Politisk	50,00%	50,00%	50,00%	50,00%

Ulike tiltak og prosjekt for å rekruttere fleire menn til å jobbe i helse og omsorg, skule og barnehage har ikkje lukkast med å endre det store bildet.

Det er framleis stor overvekt av kvinner i desse bransjane. Med alternative arbeidstidsordningar som gir mykje samla fritid, har vi rekruttert fleire menn innan delar av omsorgsetaten.

Inkludering

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 skal kommunen som arbeidsgivar arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjonar av desse grunnlaga, og søke å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Arbeidet skal blant anna omfatte områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingshøve, tilrettelegging og høve til å kombinere arbeid og familieliv.

Etter likestilling- og diskrimineringslova § 26 a har kommunen plikt til å utgreie den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda og kva vi gjer for å oppfylle aktivitetsplikta etter § 26. Kwart andre år har vi plikt til å kartlegge lønnsforholda fordelt på kjønn og bruken av ufrivillig deltid. Vi arbeider saman med fagorganisasjonane og hovudverneombodet i arbeidet med personalreglement, leiaropplæring, tilsettingsrutinar og lønnsarbeid for å styrke arbeidet vårt med å fremme likestilling og hindre diskriminering.

Heiltid og deltid

Arbeidet med å styrke heiltidskulturen i Ulstein kommune er godt forankra i leiinga og i store delar av organisasjonen.

Dette er ikkje lenger eit prosjekt, men eit kontinuerleg arbeid som vert jobba med i godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Det er motiverande å sjå den positive utviklinga vi har hatt dei siste åra. I 2016 var det 34,5 prosent av kvinnene som hadde 100 prosents stilling i Ulstein kommune. I 2025 var

talet 55,9 prosent. Gjennomsnittleg stillingsstorleik er no 81 prosent for kvinner og 66 prosent for menn. I helse- og omsorgsetaten er gjennomsnittleg stillingsprosent for kvinner 75 prosent mot 67 prosent for menn.

Det må også nemnast at vi har mange små stillingar i brannvesenet (brannkonstablar i 1,68 prosents stilling) som påverkar statistikken i negativ retning.

Gruppe	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
0–24,9% Alle	13	10,8	12,7	10,1	12	11,5	12,3	13,5	13,8	12,9
Kvinner	9,5	8,6	8,3	5,8	8,6	7,7	8,8	9,1	9,1	9,1
Menn	25,7	19,3	27,7	24,6	23,3	25	24,5	27,6	28,3	25,9
25–49,9% Alle	8	7,4	8,6	6,9	7,3	6,8	7,2	7,6	6,4	6,2
Kvinner	8,1	7,5	8,9	7,1	7,5	6,5	7,3	7,7	5,8	5,2
Menn	8	7	7,1	6,4	7,2	7	7	7,6	8	9,6
50–74,9% Alle	16,9	16,5	19,6	14,2	14,8	14,2	12,9	11,2	9,4	10
Kvinner	18,2	17,6	17,3	18,4	15,5	16,6	13,9	13,5	10,1	11,1
Menn	12,2	12,1	11	8,5	9,8	8,5	9,2	11,1	7,1	6,1
75–99,9% Alle	24,4	25	20	17,6	16,9	17,8	14,9	15,6	15,1	16,6
Kvinner	29,9	25,5	23,7	23,7	19,4	19,9	16,4	16,6	18,1	18,7
Menn	4,7	7,1	7,1	7	8,6	10,4	9,8	9,7	7,5	9,1
100% Alle	37,7	43,5	42,8	49,3	49,6	49,1	52,8	52,9	54,7	54,4
Kvinner	34,5	40,7	41,7	48	49,1	49,3	53,7	55,3	56,7	55,9
Menn	49,3	54,3	46,5	53,5	51,5	48,2	49,5	45,2	48,6	49,2

Kjønn og lønn

Ulstein kommune hentar lønnsstatistikken sin frå statistikkpakken til KS.

Kommunen har eit tett samarbeid med tillitsvalde i samband med stillingsutlysingar, tilsettingar og lønnsforhandling.

Av tabellen under ser vi at grunnløna til kvinner, justert for alder, stillingsgruppe stillingskode og utdanning er god. Kvinner har noko svakare månadsforteneste enn menn. Dette knyter seg til tillegg og overtidsarbeid.

Gjennomsnittlig fortjeneste pr. månedsverk og gjennomsnittlig grunnlønn pr. månedsverk for kvinner i prosent av menns lønn. Tall pr. 1.12.2023, 1.12.2025.

Justert for	Årstall					
	2023		2024		2025	
	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns
Ujustert	93,4	99,6	92,8	99,1	92,0	98,2
Alder	93,4	99,6	92,8	99,1	92,0	98,2
Stillingsgruppe	94,1	100,6	93,0	99,3	93,1	99,5
Stillingskode	101,8	103,6	100,3	101,4	98,9	101,1
Utdanning	94,7	102,4	92,7	100,4	92,2	99,3

Tabellen viser kva kvinner si lønn samanlikna med menn si lønn ville ha vore dersom kvinner og menn hadde hatt same årsverkfordeling innan kvar av variablane tabellen viser. Tala som er justert for

stillingsgruppe eller stillingskode bør brukast som mål på kjønnsforskjell i lønn, sidan tala i stor grad held utanfor den delen av lønnsforskjell som skuldast ulike yrkesval.

Tiltak

I 2025 er det fleire tiltak starta og sett i verk for å sikre likestilling og vern mot diskriminering.

Arbeidet med å sikre ein heiltidskultur er ein del av dette. TØRN-prosjektet skal bidra til å sikre heiltidskultur, inkludere fleire i tenestene i tillegg til å sikre gode og trygge teneste.

Årsturnus er eit anna slikt prosjekt som kan gjere arbeidstid meir føreseielege og redusere behovet for redusert arbeidstid av omsyn til omsorgsoppgåver i heimen.

Generelt holdningsarbeid og opplæring av leiarar i samband med rekruttering, lønnsvurdering og utvikling/forfremjing i jobben.

Arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne har rett på eigna individuell tilrettelegging ved behov, både på arbeidsplassen og i ein tilsetjingsprosess (LDO.no).

Tilrettelegging er alle dei tiltaka som arbeidsgjevar set i verk som gjeld organisering og utføring av arbeidet, utforming av arbeidsplassen og arbeidsmiljøet generelt. Arbeidsgjevaren skal organisere arbeidet og legge det til rette slik at arbeidstakarane kan stå i størst mogleg jobb og vere like friske når dei går heim frå arbeidet som då dei kom. Tilrettelegging gjeld for alle arbeidstakarar, ikkje berre for personar med redusert arbeidsevne.

Å legge arbeidet til rette for arbeidstakarane er ein del av arbeidsgjevar si plikt til å iverksette tiltak som sikrar eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstakar har plikt til å medverke i tilretteleggingsarbeidet, slik at arbeidsgjevar og arbeidstakar kan finne gode løysingar i samarbeid.

Arbeidsgjevar må vere merksam på at stor grad av tilrettelegging over tid for fleire arbeidstakarar kan gå ut over andre arbeidstakarar - og kan føre til auka fråvær.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,58 %	6,19 %	8,77 %
Årleg sjukefråvær 2025	2,72 %	7,03 %	9,75 %

Samla sjukefråvær i Ulstein kommune i 2025 var 9,52 prosent.

Dette er fordelt på 1,51 prosent eigenmelding og 8,01 prosent legemeldt sjukefråvær.

Dette er høgt over målsetjinga om at det samla sjukefråværet ikkje skal vere høgare enn 7%.

Under viser vi utviklinga av samla sjukefråvær over år. I siste tabell, viser vi utviklinga av sjukefråværet gjennom året dei to siste åra. Sjukefråvær vert også rapportert under kvar eining i årsrapporten.

Den negative utviklinga i sjukefråværet har fått mykje merksemd og fleire tiltak er sett i verk. Personalavdelinga har eigen kontaktperson til alle leiarane i organisasjonen. Her vert det avtala tiltak og oppfølging. Bransjeprogram frå NAV arbeidslivsenter vert brukt. Arbeidsmiljøutvalet og bedriftshelsetenesta har dette som tema heile året. Vi har også dialog med fastlegane og NAV der vi deler tankar om førebygging, tiltak og roller i sjukefråværsarbeidet.

Frå øvste leing er dette eit prioritert område både med tanke på den menneskelege og den økonomiske kostnaden for organisasjonen. Dette er difor tema i den løpande samhandlinga med leiarar og tilsette.




Totalt

I valgt periode: 9,52%

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Sjukefråvær per eining/ansvar (graf)



Internkontroll og avvik


Risikobasert internkontroll

Ulstein kommune ønskjer å ha ein risikobasert internkontroll som skal bidra til å førebygge uønskte hendingar og gi både tryggleik for tilsette og god oversikt for leiinga. Ei slik tilnærming gir betre innsikt i risikoar, kvaliteten på kontrolltiltak og moglegheiter for å effektivisere arbeidet. I 2025 har kommunen hatt særleg fokus på å implementere risikomodulen breitt ut i organisasjonen.

Per 05.11.2025 var det gjennomført 26 risikovurderingar i modulen, med hovudvekt på ulike HMS område samt vurderingar innan personvern og informasjonssikkerheit.


Avvik

Nedanfor går det fram ei oversikt over innmeldte avvik i 2025 (fjorårstal i parentes). Kommunen hadde 984 (1177) innmeldte avvik. 461 (596) var knytt til vald og trugslar, 194 (167) knytt til HMS, 117 (239) knytt til tenestekvalitet og 188 (151) til medisinhandtering. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 22 (23) dagar. Sakshandsamingstida startar frå saka vert meldt til den vert lukka.



Aktive val	Det samla talet saker
Helse, miljø og tryggleik	194
Personvern og informasjonstryggleik	21
Tenestekvalitet	117
Vald og trugslar	461
Medisinhandtering	188
	3

Det samla talet saker



Når vi ser på avviksområda, var vald og trugslar framleis den største kategorien med 461 saker, etterfølgt av helse, miljø og tryggleik (194 saker) og medisinhandtering (188 saker). Tenestekvalitet utgjorde 117 saker, medan personvern og informasjonstryggleik hadde 21 saker.

Førebyggjande arbeid

I 2025 har kommunen hatt særleg fokus på å implementere risikomodulen breitt ut i organisasjonen. Skular og barnehagar har fått særleg opplæring dette året og tek no større ansvar for eigne ROS analysar i systemet, noko som styrkar lokalt eigarskap og forankring. Erfaringane viser at verktøyet i Samsvar fungerer godt, og arbeidet med kompetanseheving vil halde fram i resten av organisasjonen.

Etikk og verdigrunnlag

Ulstein kommune skal vere ein organisasjon prega av openheit, tillit og respekt – både internt og i møtet med innbyggjarar, næringsliv og samarbeidspartnarar. Etikk er ein grunnstein i dette arbeidet. Det handlar om korleis vi forvaltar makt og ansvar, og korleis vi møter kvarandre som menneske.

Kommunen sitt verdigrunnlag – **Nyskaping, omsorg, rausheit og mangfald** – gir retning for haldningar, avgjerder og handlingar. Desse verdiane er ikkje berre ideal, men konkrete rettesnorar for korleis vi tenkjer og opptre i kvardagen – i leiing, tenesteyting, forvaltning og kommunikasjon.

Retningslinjer og kultur

Ulstein kommune har egne etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette. Disse bygger på lover, forskrifter og god forvaltningsskikk, og skal medverke til større forståing, openheit og innsyn. Retningslinjene er ein del av arbeidet med å unngå spekulasjonar, mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold.

Retningslinjene vert gjort kjent for alle ved tilsetting og ved opplæring av folkevalde. Kommunen legg til rette for dialog om ytringsfridom, lojalitet og etiske dilemma i ulike delar av organisasjonen. Ytringsfridomen står sterkt i Ulstein – og det blir sett på som positivt at tilsette deltek i offentleg debatt.

Etisk leiarskap

Kommunestyret, kommunedirektør og andre leiarar har eit særleg ansvar for å vise veg gjennom etisk leiarskap. Haldningar og verdiar forplantar seg gjennom heile organisasjonen – frå politiske avgjerder til dagleg praksis. Leiarskap basert på integritet og medvit er ein føresetnad for etisk refleksjon og godt skjønn i kvardagen.

Kommunen legg til rette for opplæring av folkevalde i samarbeid med KS, der etikk og habilitet står sentralt. Også administrativ leiing deltek, og etiske dilemma vert løfta og drøfta i fellesskap.

Habilitet, respekt og ansvar

Folkevalde og tilsette har ansvar for å forvalte fellesskapet sine ressursar på ein måte som skapar tillit og respekt. Det krev innsikt i egne roller og lojalitet til politiske vedtak. Brukarar og innbyggjarar skal møtast med likeverd, respekt og forståeleg informasjon – også når tenester krev vanskelege val.

Det er avgjerande å unngå situasjonar som kan oppfattast som interessekonflikt, også utover det som er regulert i forvaltningslova. Personlege interesser må ikkje påverke sakshandsaming eller vedtak, og tilsette og folkevalde skal opptre nøkternt og med respekt for rolla dei har – også i bruk av ressursar, representasjon og sosiale media.

Etikk som grunnmur

Etisk medvit er ikkje ei sjekkliste – det er ein kultur som må dyrkast over tid. Etiske retningslinjer, open organisasjonskultur og god internkontroll bidreg til å styrke kvalitet og tillit. I eit samfunn i endring er etikk eit anker – og ei kompassnål.

Gjennom verdigrunnlaget og dei etiske retningslinjene forpliktar Ulstein kommune seg til å vere ei organisasjon der det er samsvar mellom verdiar og praksis – og der alle som verkar på vegner av kommunen, kjenner ansvar for fellesskap, rettferd og respekt.

Personvern og informasjonssikkerheit

Ulstein kommune har eit grunnleggjande ansvar for å verne om personvernet til innbyggjarar, tilsette og samarbeidspartnarar. Vi behandlar personopplysningar på ein lovleg, trygg og føreseieleg måte – i tråd med gjeldande regelverk og med respekt for individet.

Kommunedirektøren har det overordna ansvaret for kommunen si behandling av personopplysningar. Det operative ansvaret er delegert til leiarar i dei ulike einingane, som skal sikre at behandling skjer forsvarleg og i samsvar med kommunens rutinar, lover og interne retningslinjer.

Behandlinga av personopplysningar i kommunen er regulert av ei rekkje lover og forskrifter, mellom anna personvernforordninga (GDPR). Kommunen skal alltid kunne vise til heimel for behandling og kunne dokumentere korleis personopplysningar vert handtert.

I nokre samanhengar krevst samtykke frå den det gjeld. Då skal det vere klart kva opplysningane skal brukast til, og du skal kunne trekke samtykket tilbake når som helst.

Personvern er ein sentral del av den tilliten som Ulstein kommune er avhengig av i møte med innbyggjarar og brukarar. Vi arbeider kontinuerleg med å dokumentere og oppdatere oversiktene over kva personopplysningar vi behandlar, og korleis dette skjer.

Via kommunen si heimeside er det mogleg å be om innsyn i eigne personopplysningar, og vi legg vekt på at dette skal vere enkelt og forståeleg. Vi har klare rutinar for informasjon, retting, sletting og eventuell klagebehandling.

God informasjonssikkerheit er ein føresetnad for å verne personopplysningar. Kommunen har interne system og rutinar for å hindre uautorisert tilgang, misbruk eller tap av data. Det vert arbeidd systematisk med kompetanseheving, tekniske løysingar og risikovurderingar.

Gjennom klare prinsipp, god praksis og openheit ønskjer Ulstein kommune å vere ein trygg aktør når det gjeld vern av personopplysningar. Respekt for personvern er ein naturleg del av å yte gode tenester med høg kvalitet.

Samfunns- og befolkningsutvikling

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2025

	2022	2023	2024	2025
Folketal ved inngangen av kvartalet	8 557	8 797	8 861	8 862
Fødde	92	82	95	88
Døde	64	62	72	63
Fødselsoverskot	28	20	23	25
Innvandring	438	532	425	395
Utvandring	43	82	51	66
Innflytting, innanlands	323	336	319	342
Utflytting, innanlands	506	732	719	600
Netto innvandring og flytting	212	54	-26	71
Folkevekst	240	64	1	96
Folketalet ved utgangen av kvartalet	8 797	8 861	8 862	8 958

Kommunen sine tenesteområde

Politisk og administrasjon

Om oss

Sentraladministrasjonen utfører støtte- og fellestenester for heile organisasjonen. Vi leverer også støtte- og fellestenester til Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) og Ulstein sokn.

Fag- og tenesteområda etaten er ansvarleg for er personal, økonomi, arkiv, innbyggartorg, personvern, jus, kommunikasjon, val, beredskap, sikkerheit og digitalisering. Tenesteområdet har også ansvar for å legge til rette for god politisk og administrativ styring, kvalitets- og internkontroll, innbyggardialog og samskaping i lokalsamfunnet.

Sentraladministrasjonen består av kommunedirektørkontoret og kommunedirektøren sine stabsfunksjonar som er fordelt på tre etater.

- Monica Cecilie Torp - kommunalsjef organisasjon og utvikling
- Kari Riise - personalleiar
- Steinar Nummedal - økonomileiar
- Ottar Håkonsholm – eigedomssjef

Årsverk og tilsette

- kommunedirektør (1,5 årsverk og 2 tilsette)
- organisasjon og utvikling (11,5 årsverk og 12 tilsette)
- personal (5 årsverk og 5 tilsette)
 - I tillegg kjem frikjøpte tillitsvalde 2,35 årsverk og 5 tilsette)
- økonomi (6 årsverk og 7 tilsette)
- Folkevalde (1,2 årsverk og 2 tilsette)
- Eigedom (37,8 årsverk og 39 tilsette)

Overordna mål

I budsjett og økonomiplanen for 2025 hadde vi følgande overordna mål:

Samarbeid: Utforske og etablere samarbeid med andre kommunar og aktørar, der det kan gi oss ønska økonomisk effekt.

Trygg og god styring: Vidareutvikle bruken av digitale verktøy. Vi skal ha tydelege rammer som er godt kommunisert i heile organisasjonen.

Digitalisering og bruk av teknologi: Vi skal ta i bruk digitalisering og teknologi der vi kan forenkle og effektivisere.

Sikkerheit og beredskap: Vi må tenke sikkerheit, både fysisk og digitalt i alt vi gjer.

Godt og trygt arbeidsmiljø: Vi skal framleis jobbe for eit godt og trygt arbeidsmiljø med lågt sjukefråvær. Dette gjer vi ved å sikre god kompetanse og kontinuitet gjennom heiltidskultur, leiaropplæring og leiarstøtte. At arbeid og arbeidsoppgåver er godt organisert, er ein nøkkel for både trivsel og kvalitet.

Leiarutvikling: Å stå i endring er krevjande. Vi treng dyktige leiarar for å jobbe med utvikling og finne gode løysingar for kvalitet i tenestene i lag med dei tilsette. For å styrke leiarcompetansen vil vi arrangere jamlege leiarsamlingar, tilby leiaropplæring, og sikre tett oppfølging og støtte.

Rekruttering og kompetanseutvikling: Utfordringa framover vil vere å rekruttere nok god kompetanse for å drifte tenestene våre. Dette vil vi møte ved å bruke folka våre rett og å vere ein attraktiv arbeidsgivar.

Partnerskap: Vi vil styrke samarbeidet vårt med strategiske partnerar.

Tillit og openheit: For å lukkast treng vi tillit frå innbyggjarar, medarbeidarar, tillitsvalde, leiarar og folkevalde. Å praktisere openheit, deling av informasjon vil vere ei strategi for å oppnå det.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
	2024	bud. 2025	2025	2025	
100-Folkevalde	4 199	5 094	5 256	4 116	1 139
110-Kommunedirektør	28 170	27 534	28 888	25 321	3 568
111-Økonomiavdeling	-17 385	6 199	-21 032	-21 734	702
112-Løn-og personalavdeling	9 222	10 348	10 994	9 570	1 425
113-Arkiv og dokumentsenter	3 907	4 347	4 604	3 618	985
119-Overføring til andre	8 834	9 289	9 581	9 019	562
150-Eigedom	0	25 418	67 950	63 600	4 350
Sum	36 947	88 229	106 241	93 510	12 731

Totaloversikt drift - fordelt på kontogrupper

Beløp i 1000

	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Rekneskap
	2024	bud. 2025	2025	2025
Lønn	10 075	61 192	39 270	34 962
Refusjon lønn	-1 150	-450	-2 651	-2 651
Sum Lønn	8 925	60 742	36 618	32 311
Drift	12 021	47 361	47 330	46 115
Kjøp av produksjon	14 592	11 763	11 763	9 852
Overføringer	9 084	11 900	13 195	13 080
Finansutgifter	132	50	42 163	42 498
Sum Utgifter	35 829	71 075	114 451	111 546
Brukerbetaling	-508	-35 296	-35 296	-38 200
Refusjoner	-6 522	-8 150	-9 390	-11 783
Overføringer	0	0	0	-87
Finansinntekter	-776	-142	-142	-277
Sum Inntekter	-7 806	-43 588	-44 828	-50 347
Netto resultat	36 947	88 229	106 241	93 510

Kommentar til status økonomi

Politisk og administrasjon ender på eit mindreforbruk på 12,7 millionar kroner for 2025. Mindreforbruket skuldast i stor grad generell stram styring og systematisk arbeid for å ta ned kostnader der det er mogleg både i eigen sektor og i resten av organisasjonen.

- vakansar i stab og administrasjon (600 000 kroner)
- tilbakeføring av 2,3 millionar kroner frå disposisjonsfondet til Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)
- mindreforbruk hos folkevalde på 1,1 millionar knytt til mindre bruk av tilleggsøyvingar til formannskapet, mindre kostnader til møtegodtgjersle og bruk av egne tilsette i valgjennomføring.
- endring i rekruttering og lønning av lærlingar (~1 million)
- omorganisering av innbyggartorg og nærtenesesenter (~900 000 kroner)
- hos eigedom eit mindreforbruk på 4,3 millionar knytt til vakante stillingar og høgare leigeinntekter.

Oppsummering tiltak

- Vakansar og god bemanningsplanlegging
- Interkommunale samarbeid
- God økonomistyring
- Førebygging av sjukefråvær
- Systematisk førebygging og oppfølging av sjukefråvær for å redusere kostnader knytt til fråvær
- Vurdere struktur og organisering som kan gi betre økonomisk berekraft.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året				Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap Status	Økonomistatus	Avvik i kr	
Eigedom - Brannskade Hofsetråsa 88	320	320	0	2027	320	320 Ikkje vurdert		0	Dette gjeld prosjektinvestering i forbindelse med brann i kommunal bustad som brann i 2024.
Eigedom - Dører Ulstein Arena	255	255	0	2025	255	255 lht. plan		lht. plan 0	Dette prosjektet gjeld skifting av ytterdører i 2 etg. då dette måtte utførast som følg av slitasje. Det er i alt to ytterdører som er skifta, samt skille dør/vegg mellom 2 etg. og 1 etg. Alt utført etter beskrivelse i investeringsbudsjett
Eigedom - Karsten Warholm stadion	16 250	15 767	483	2025	16 250	15 767 Forsinket		Merforbruk 483	Tartan vart lagt i august 2025. Anlegget er ikkje godkjent ved kontroll, grunna ujamnheit i underlaget. Det er behov for utbetringar i tråd med merknader frå godkjenningorgan. Gjennomføring av arbeidet er avhengig av tilstrekkeleg temperatur. Utbetring er planlagt i mai/juni 2026. Etter dette vil anlegget bli kontrollert på nytt med mål om godkjenning og ferdigstilling.
Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar	3 415	156	3 259	2099	3 415	156 lht. plan		lht. plan 3 259	Dette prosjektet gjeld sal av kommunal bustad, Støylesvingen 31
Eigedom - Omsorgsbustadar Skollebakken 1	65 282	64 924	358	2026	65 282	64 924 lht. plan		lht. plan 358	Prosjektet omfattar etablering av 20 stk omsorgsbustadar samt base for heimesjukepleie og tenester innan rus og psykiatri. Bygging og prosjektgjennomføring vart gjennomført i 2025. Prosjektet er levert i tråd med planlagt framdrift, innanfor vedteke budsjett og til avtalt tid, som følgje av god

Årsmelding 2025

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året				Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap Status	Økonomistatus	Avvik i kr	
									prosjektstyring. Bygget vart overlevert til Ulstein kommune 19.01.2026.
Eigedom - Overtaking Høddvoll barnehage	5 749	5 749	0	2026	5 749	5 749 Ferdig		Iht. plan 0	Dette prosjektet gjeld Investeringane er knytt til overtakelse av Høddvoll barnehage.
Eigedom - Robotteknologi reinhald	550	550	0	2029	550	550 Ferdig		Iht. plan 0	Det er investert i to stk større reinhaldsrobotar i 2024 og ein stk robot i 2025. Alle tre har som formål å supplere reinhaldsarbeidet ved formålsbygga, og har som hensikt å få ned sjukefråver.
Eigedom - Uglasætra barnehage	63 189	1 924	61 264	2027	3 712	1 924 Forsinket		Iht. plan 1 787	Prosjektet omfattar etablering av ny barnehage på Sundgotmarka barnehage. 2025 har vore nytta til skisse og forberedelse til forprosjekt. Det er utarbeidd skisseprosjekt, landa overordna konsept og framlagt kalkyle som grunnlag for kvalitetssikring (KS).
Eigedom - Ulsteinvik barneskule fase 2	3 446	4 040	-594	2025	3 446	4 040 Ferdig		Merforbruk -594	Rehabilitering og optimalisering av administrasjonslokale, kontorplassar for Ulsteinvik barneskule, bygg A Lokala vart tilkoppa og tilrettelagt for fjernvarme.
Eigedom - Uteområde Ulsteinvik barneskule	9 937	1 922	8 014	2028	1 937	1 922 Iht. plan		Iht. plan 14	Rehabilitering første fase av ute-område ved Ulsteinvik barneskule. Fokus på tilrettelegging for fleire leikeapparat.
Eigedom - utfasing lysrør formålsbygg	5 482	945	4 537	2032	982	945 Iht. plan		Iht. plan 37	Dette prosjektet gjeld utskifting til LED ved Alvehaugen. Halve F fløya vart utskifta i 2025
Eigedom - Utkjøp av robotklippar Karsten Warholm stadion	159	133	26	2026	159	133 Ferdig		Iht. plan 26	UK kjøpte ut robotklippar frå Hødd. Klipparen skal nyttast til å slå KW stadion
Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	756	196	560	2025	560	0 Forsinket	Mindreforbruk 560		Prosjektet er forseinka. Noko er under bestilling og prosjektet er venta


Årsmelding 2025

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året			Kommentar	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap Status	Økonomistatus		Avvik i kr
Sentraladm - Oppgradering dagens rådhus	5 263	1 117	4 146	2026	370	181	Forsinket	190	avslutta i løpet av 2026.
Soknet - Audiovisuelt utstyr	750	634	116	2025	750	634	Ikkje vurdert	116	
Soknet - Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard	3 525	418	3 107	2025	3 525	418	Ikkje vurdert	3 107	
Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje	1 225	5	1 220	2027	1 225	0	Ikkje vurdert	1 225	
Sum andre prosjekt	0	5 797	165 900		0	174		-174	
Sum	185 551	104 853	252 395		108 486	98 093		10 392	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	0,83 %	5,33 %	6,15 %
Årleg sjukefråvær 2025	3,00 %	7,00 %	10,00 %

Sjukefråvær per eining/ansvar (graf)



Folkevalde

Om oss

I tenesteområdet er det to tilsette: ordfører Stian Skorgen Scheide og varaordfører (20 prosent) Lisa Mari Breivik Anderson.

Budsjettet inneheld løn, møtegodtgjersle og kostnadar knytt til gjennomføring av politiske møte.

Kommunedirektør

Om oss

Området kommunedirektør inkluderer

- kommunedirektøren og koordinator for *lokale, førebyggande tiltak mot rus og kriminalitet* (SLT).
- prosjektleiar for interkommunale samarbeid (prosjektstilling finansiert av statforvaltaren)
- Organisasjon og utvikling

Totalt har området 8,5 årsverk fordelt på 9 tilsette.

Området utfører støtte- og fellestenester til resten av organisasjonen innanfor personvern, jus, kommunikasjon, beredskap, sikkerheit og digitalisering. Området har også ansvar for å legge til rette for god politisk og administrativ styring, kvalitets- og internkontroll, tenesteutvikling, innbyggardialog og samskaping i lokalsamfunnet.

Økonomiavdeling

Om oss

Økonomiavdelinga er ei stabs- og støtteining som har fagansvar for rekneskap og økonomistyring for i alt 3 rekneskap. I tillegg til kommunen sin rekneskap kjem rekneskapen til SSIKT og Ulstein sokn. Avdelinga har og ansvar for utarbeiding av budsjett og økonomiplan, finansforvaltning og fakturering og innkrevjing av kommunale krav.

Løn-og personalavdeling

Om oss

Leiar Kari Riise

Lønn og personalavdelinga er ei stabs- og støtteining som har ansvaret for lønnsarbeid og HR-funksjonar i Ulstein kommune i tillegg til lønn og personalarbeid i SSIKT og Ulstein sokn. Eininga har 5 årsverk. I tillegg er 2,82% årsverk frikjøpte tillitsvalde og hovudverneombod lagt til denne eininga. Lønn og personalavdelinga har følgjande hovudfunksjonar:

- Arbeidsgivarpolitikk og leiarstøtte
- Organisasjons- og kompetanseutvikling
- Partssamarbeid og forhandlingar
- HMS og sjukefråværsarbeid
- Lønnsarbeid, refusjonar, pensjon, forsikring og rapportering
- Rekruttering og tilsetjing
- Ressursstyring, lærlingar

Arkiv og dokumententer

Om oss

Leiar: Helga Bøe

Servicetorg og dokumententer er ei stabs- og støtteining som ligg under organisasjon og utvikling. Våre hovudfunksjonar er: arkiv- og dokumentasjonsforvaltning, politisk sekretariat og servicetorg/innbyggartorg.

Eininga hadde i 2025 4,5 stillingsheimlar og 6 tilsette.

Eigedom

Om oss

Eigedomsavdelinga har eit samla ansvar for ei forsvarleg, fagleg, rasjonell og kostnadseffektiv forvaltning, drift og utvikling av kommunen sine eigedomar. Oppdraget er å levere trygge og funksjonelle bygg for innbyggjarar og tilsette, og å sikre ei berekraftig og arealeffektiv eigedomsforvaltning.

Avdelinga forvaltar ein stor og variert bygningsmasse på rundt 91 000–92 000 m², inkludert skular, barnehagar, helsebygg, bustadar og administrasjonslokale, samt om lag 300 utleigebustadar.

Ein er organisert i fleire fagområde som samla ivaretek forvaltning, drift og vedlikehald av bygg, reinhaldstenester, administrasjon av utleigebustadar og prosjektleiing innan bygg og anlegg.

Eigedomsavdelinga arbeider for å sikre berekraftig drift, god ressursutnytting og bygg som tilfredsstiller behova til både brukarar og tilsette. Dette krev systematisk arbeid med oversikt over tilstand, vedlikehaldsbehov og vidare utvikling av bygningsmassen.

Prioritering av tiltak vert gjort med utgangspunkt i tilstandsanalyser av bygga, der klassifisering (TG/KG) vert nytta for å identifisere avvik og behov. Dette dannar grunnlag for planlegging av både løpande driftstiltak og større investeringar.

Gjennom strukturert og langsiktig planlegging arbeider avdelinga for å sikre ein god balanse mellom dagleg drift og utvikling av eigedomsmassen.

Organiseringa skal sikre god oversikt over bygningsmassen og leggje til rette for systematisk planlegging av vedlikehald, oppgradering og utvikling. Det vert lagt vekt på ei heilskapleg tilnærming der ein så langt som mogleg prioriterer større samanhengande tiltak framfor enkeltvise utskiftingar.

Prioriteringar vert gjort på bakgrunn av tekniske tilstandsvurderingar og dannar grunnlag for vedlikehaldsplanar og investeringsforslag til politisk handsaming.

Årsverk og tilsette

Eigedomsavdelinga har totalt 37,8 årsverk fordelt på 39 tilsette, derav 13 menn og 26 kvinner.

Avdelinga er organisert i fleire fagseksjonar:

- Seksjon reinhald – 16 tilsette
- Seksjon eigedomsforvaltning – 11 tilsette
- Prosjektleiing bygg – 2 tilsette
- Administrasjon og bustadkoordinering – 3 tilsette

Oppvekst og kultur

Om oss

Leiar: Karen Strand

Årsverk: 313,2

Oppvekst og kultur arbeider for at alle barn og unge i Ulstein skal ha trygge og utviklende rammer som styrkjer identitet, læring og livsmeistring.

- Barnehage
- Grunnskule
- Inkludering og mangfald
- Interkommunalt PPT
- Kulturskulen

- Kulturavdelinga

Organisasjon i utvikling

Oppvekst- og kulturetaten har vore gjennom store endringar og krevjande omstillingar i 2025. Samanslåinga av to skular og arbeidet med ny organisering av barnehagestrukturen er viktige grep for å skape berekraftige tenester for framtida.

Det siste året har tilsette lagt ned ein stor innsats i ei omstilling som både har vore krevjande og nødvendig. Dei har vist profesjonalitet, ansvarskjensle og evne til å stå i endring over tid. Mange har teke på seg nye oppgåver, justert arbeidsmåtar og vore opne for å prøve ut andre løysingar enn dei vi har vore vane med. Samstundes er det viktig å hugse på at vi ikkje er i mål enno. Endringsarbeidet vil framleis krevje tid, prioriteringar og vidare involvering.

Framover vil vi sjå nærare på fleire område i etaten som ein naturleg oppfølging av omstillingsarbeidet vi allereie har starta. Vi har gjort viktige grep, men vi er ikkje i mål, og det blir nødvendig å halde fram med å utvikle måten vi jobbar på.

Viktig for oss vert å få til enno betre samhandling mellom tenestene. For å få dette til, må vi ha betre oversikt over kvarandre både om ansvar, oppgåver, prioriteringar og korleis vi påverkar og utfyller kvarandre. Dette handlar om å skape ei felles forståing av kor vi står, kva vi treng, og korleis vi kan arbeide betre saman. Målet er å styrkje samanhengen mellom tenestene slik at barn, unge og familiar opplever betre heilskap og meir koordinerte tenester.

Overordna mål

Overordna mål:

Levekårsplanen 2020–2032 slår fast at Ulstein kommune skal fremje tilhøyrslø, læring, livsmeistring og deltaking i fellesskapet. Dette ligg til grunn for alt arbeid innan oppvekst og kultur.

Mål for oppvekst og kultur

Gode oppvekstvilkår for barn og unge:

Vi arbeider for at alle barn og unge i Ulstein skal ha trygge og utviklende rammer som styrker identitet, læring og livsmeistring. Deltaking og inkludering er sentralt. Gode barnehagar, skular og nærmiljø er grunnsteinar i eit godt oppvekstmiljø. Barndommen har eigenverdi og er meir enn ei førebuing til vaksenlivet.

Eit levande og variert kulturliv:

Vi ønskjer eit rikt og mangfaldig kulturliv som gir innbyggjarane opplevingar, identitet og trivsel. Kultur bidreg til vekst og utvikling i heile kommunen og styrker både fysisk og psykisk helse.

Slik arbeider vi for å nå måla:

Vi legg til rette for læringsglede og skaparglede, og inkluderer barn og unge som aktive deltakarar i utviklinga av ulsteinsamfunnet. Varierte lågterskel fritidstilbod for barn, unge og familiar er viktige. Det

er viktig for oss å oppdage utfordringar tidleg, og samarbeide med andre instansar i «laget rundt barna».

For å skape eit levande og variert kulturliv, legg vi til rette for at alle innbyggjarane kan vere aktive deltakarar i kultur- og fritidstilbod.

Vi ønskjer å fremje god samhandling og interaksjon både internt og eksternt, og arbeider for eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkludert. Brukarmedverknad i tenestene er viktig for oss, og vi ønskjer å skape rom for alle.

Vi trur på eit samfunn der det er lov å gjere feil, og der vi lærer av dei. Vi er opne og mottakelege for nye initiativ, idear og utfordrande planar og tankar. Oppvekst- og kulturetaten sine mål skal vere sentrale i møtet med innbyggjarane i Ulstein kommune og i arbeidet med tenesteutvikling. I framtida ser vi at det er viktig å ha meir målbare målsettingar, i tillegg til dei viktige generelle målsettingane.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
	2024	bud. 2025	2025	2025	
200-Oppvekst fellestenester	4 707	11 165	8 880	5 477	3 403
210-Barnehage fellestenester	80 108	71 775	74 402	76 955	-2 554
211-Sundgotmarka barnehage	11 210	10 640	11 713	11 587	126
212-Almejordet barnehage	11 591	11 679	12 701	12 043	658
213-Høddvoll barnehage	0	8 360	9 211	9 702	-491
220-Haddal skule	14 483	11 338	11 946	12 037	-92
221-Hasund skule	28 889	21 929	23 002	23 570	-568
222-Ulstein skule	11 911	11 798	11 011	11 217	-206
223-Ulsteinvik barneskule	61 719	46 668	49 137	53 909	-4 771
224-Ulstein ungdomsskule	55 931	40 033	41 603	46 078	-4 475
228-Grunnskule	7 396	4 730	7 259	8 910	-1 652
229-Kulturskule	8 618	5 987	6 500	6 452	48
240-PPT	4 509	3 113	4 480	3 472	1 008
250-Kultur	5 483	5 390	6 110	5 497	613
252-Idrett	24 197	-1 455	-481	389	-870
253-Sjøborg Kulturhus og kino	1 625	399	477	919	-442
254-Biblioteket	2 083	1 983	2 162	2 381	-220
290-IMU	28 396	29 922	28 772	20 404	8 368
Sum	362 857	295 454	308 884	311 001	-2 116

Totaloversikt drift - fordelt på kontogrupper

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025
Lønn	284 095	245 957	279 430	290 437
Refusjon lønn	-16 867	0	-19 102	-19 102
Sum Lønn	267 229	245 957	260 327	271 334
Drift	31 109	29 437	26 523	28 574
Kjøp av produksjon	140 154	74 705	76 699	76 030
Overføringer	15 153	6 348	8 301	9 579
Finansutgifter	2 112	0	2 105	4 811
Sum Utgifter	188 528	110 491	113 628	118 993
Brukerbetaling	-25 463	-24 629	-23 989	-24 587
Refusjoner	-58 029	-32 723	-37 441	-47 814
Overføringer	-5 018	-3 641	-3 641	-5 059
Finansinntekter	-4 391	0	0	-1 867
Sum Inntekter	-92 900	-60 994	-65 071	-79 327
Netto resultat	362 857	295 454	308 884	311 001

Kommentar til status økonomi

Årsrekneskapen viser eit samla meirforbruk på 2,1 mill. kroner samanlikna med budsjett. Utgiftene ligg totalt sett noko høgare enn budsjett, medan inntektene er høgare enn forventa.

Lønnskostnadene endte på 271,3 mill. kroner, som er 11,0 mill. kroner over budsjett. Dette skuldast i hovudsak auka ressursbruk gjennom året, inkludert vikarbruk, lønnsjusteringar og behov for styrking i enkelte tenester. Andre utgifter er også over budsjett, med eit meirforbruk på 6,5 mill. kroner. I august vart det stramma inn på stillingsheimelar i skule, dette gjorde til at lønnsutgiftene siste del av 2025 vart betydeleg lågare.

Samtidig er inntektene høgare enn budsjettet, med 15,4 mill. kroner høgare inntekter enn budsjettet. Dette har i stor grad bidrege til å motverke meirforbruket på kostnadssida og gjort at etaten kjem ut med eit lågare meirforbruk. Dette er i hovudsak knytt til tilskot for flyktingområdet.

Oppsummering tiltak

- Halde på stram bruk av vikar, inkludert rutinar for godkjenning og oppfølging.
- Systematisk oppfølging av sjukefråvær for å redusere kostnader knytt til fråvær og vikarbruk.
- Vurdere moglegheiter for omdisponering før eksterne tilsetjingar.
- Kontroll på øvrige driftsutgifter
- Tydeligare prioriteringar i tenestene for å sikre at ressursane brukast på kjerneoppgåver.
- Gjennomgang av prosjekt og tiltak for å avklare kva som skal styrkast, vidareførast eller fasast ut.
- Kompetanseheving i økonomistyring for leiarar og nøkkelpersonell.
- Vurdere strukturendringar eller tiltak inn mot organisering som kan gi betre økonomisk berekraft.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året			Økonomistatus	Avvik i kr	Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Vedteke ferdigår bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Status			
Barnehage - Forprosjekt utbygging Almejordet bhg	625	0	625	2025	625		0	Ikkje vurdert	625	Overført til prosjekt ombygging av Ulstein skule.
Forskottering og garanti sportshall Hasundgot IL	7 610	7 610	0	2028	5 060	5 060	Ikkje vurdert		0	Motteke eit avdrag frå Hasundgot og motteke noko spelemidlar.
Høddvoll stadion	73	4 722	-	2026	73		73	Ferdig	0	Overtaking Høddvoll stadion.
			4 649							
Oppgradering turveg over Gamleeidet	250	225	25	2026	250		225	Ikkje vurdert	25	Restmidlane vert brukt til vidare oppgradering i 2026.
Utvikling av skuleområde - forprosjekt	763	225	538	2025	481		0	Ferdig	Mindreforbruk 481	Prosjektet vert avslutta og midlane overført til prosjekt ute-område Ulsteinvik barneskule,
Sum	9 321	12 782	-		6 489	5 358			1 131	
			3 462							

Sjukefråvær


Fråvær

Årleg sjukefråvær 2024
Årleg sjukefråvær 2025

Korttid Langtid Samla fråvær

2,63 % 6,64 % 9,27 %
2,53 % 7,03 % 9,57 %

Sjukefråvær per eining/ansvar (graf)



Oppvekst fellestenester

Om oss

Leiar: Karen Strand

Årsverk: 4

Administrasjon oppvekst består av kommunalsjef for oppvekst og kultur, skulefagleg rådgjevar, barnehagefagleg rådgjevar og konsulent for oppvekst.

Stortinget har gitt kommunane og fylkeskommunane ansvar for den lokale organiseringa og gjennomføringa av opplæringa i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring. Ansvar til barnehage og skuleeigar er knytt til lov, forskrift og andre statlege styringsdokument, og dels lokale føringar og mål.

Administrasjonen arbeider for støtte einingane som høyrer til under oppvekst og kultur i arbeidet dei gjer.

Sundgotmarka barnehage

Om oss

Leiar: Nora Wingsternes

- Årsverk: 16,62
- Tilsette: 21
- Tal barn: 63

Sundgotmarka barnehage ligg i Hasund krins. Barnehagen har tre avdelingar fordelt på to lokasjonar. To av avdelingane held til på Sundgot og ei avdeling leiger lokale i kjellaren til HIL sitt klubbhus.

Sundgotmarka barnehage skal vere ein god stad å vere for barn, føresette og tilsette. Sundgotmarka barnehage er tufta på den nordiske barnehagetradisjonen. For oss betyr dette at vi er ein barnehage med fokus på lei, natur, friluftsliv og relasjonar.

Almejordet barnehage

Om oss

Leiar: Linda Arneberg

- Årsverk: 14,33
- Tilsette: 18
- Plassar: 92 plasser fordelt på små og stor barns plasser. Totalt 65 Barn i 2025

Almejordet barnehage er ein kommunal barnehage som ligg på Reiten i Ulsteinvik, med kort avstand til skog, strand, bibliotek og parkar. Barnehagen er kjent for eit trygt og inkluderande miljø, der leik, natur, trivsel og relasjonsbygging står sentralt i det pedagogiske arbeidet. Personalet arbeider aktivt for å gi barna medverknad, gode opplevingar i nærmiljøet og ein kvardag prega av utforsking, omsorg og læring.

Kjerneoppgåvene i barnehagen er å skape eit trygt, inkluderande og utviklande miljø for barn. Barnehagen skal støtte barna sin sosiale, emosjonelle, språklege og kognitive utvikling gjennom leik, omsorg og læring. Personalet legg til rette for varierte leike- og lærings situasjonar, byggjer gode relasjonar, og samarbeider tett med foreldre for å sikre at kvart barn får eit heilskapleg og tilpassa pedagogisk tilbod. I tillegg arbeider barnehagen systematisk med danning, vennskap, språkstimulering og tidleg innsats, i tråd med rammeplanen.

Høddvoll barnehage

Om oss

Leiar: Kathrin Riise

- Årsverk: 12,60
- Tilsette: 14
- Tal barn: 47

Høddvoll barnehage er ein kommunal barnehage i Ulstein Kommune. Barnehagen held til i Varleite og har tre avdelingar; Mikkel, Klatremus og Brumlemann. Vi jobbar i små grupper der personalet er tett på barna for å skape eit trygt barnehagemiljø. Inkluderande barnehagemiljø er vårt hovedsatsingsområde. I tillegg er også natur, helse og rørsle satsingsområde. Vi har kort avstand til skog, fjell og idrettsanlegg som gir oss varierte opplevingar i nærområdet.

Haddal skule

Om oss

Leiar: Vibeke Vigestad Berge

Årsverk: 14,7

Elevtal: 50

Elevtal SFO: 28

Hasund skule

Om oss

Leiar: Hedvig Haakonsholm

Årsverk: 26,4

Elevtal: 130

Elevar som deltek på SFO: 44

Ulstein skule

Om oss

Leiar: Norunn Lindvik Velsvik

Årsverk: 15,5

Elevtal: 84

Elevar som deltek på SFO: 25

Ulsteinvik barneskule

Om oss

Leiar: Synnøve Haug

Årsverk: 69

Elevtal: 450

Elevar som deltek på SFO: 170

Ulstein ungdomsskule

Om oss

Leiar: Trond Berg

Årsverk: 54

Elevtal: 350

Skulen er organisert i tre trinn med trinnvise team og faglege profesjonsfelleskap. Leiinga består av rektor, ass. rektor og 2 avdelingsleiarar. Det er etablert faste møtepunkt for pedagogisk utvikling, kvalitetsarbeid og tverrfagleg samarbeid med andre tenester.

Kulturskule

Om oss

Leiar: Robert Løkketangen

Årsverk: 8,1

I kulturskulen opplev elevane meistring i møte med røynde lærarar gjennom estetisk erfaring og tilpassa opplæring basert på eleven sitt ambisjonsnivå. Omlag kvart tredje born i kommunen går i kulturskulen. Vi har eit godt etablert tilbod innan kulturskulefaga musikk, dans, og visuell kunst.

PPT

Om oss

Leiar: Nina Cathrin Garshol

Årsverk: 26,5

Ulstein kommune er vertskommune for den interkommunale PPT-tenesta som leverer tenester til kommunane Hareid, Volda, Ørsta, Herøy og Ulstein.

PPT skal til ei kvar tid arbeide etter gjeldande lover og forskrifter. Leveranse av tenester skjer i nært samarbeid med alle kommunane i samarbeidet. Målet i barnehage og skulesektoren er å styrke det ordinære, tilfredsstillande, likeverdige og inkluderande tilbodet for heile mangfaldet av barn og elevar. Ein skal tenke barnet og eleven beste både på kort og lang sikt med det mål at flest muleg fullfører eit utdanningsløp.

I tråd med barnehagelov og opplæringslov bidreg PPT med kompetanseheving, organisasjonsutvikling og utarbeider sakkunnige vurderingar.

Kultur

Om oss

Leiar: Leif Ringstad

Årsverk: 12,9

Tilsette: 34

Kultur har ansvar for kultur-, fritids- og aktivitetstilbod i kommunal regi. Eininga arbeider for å skape inkluderande møteplassar, stimulere til deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar, og leggje til rette for eit aktivt lokalsamfunn for innbyggjarar i alle aldrar.

Eininga omfattar fleire fagområde og tenester:

- Administrasjon – planarbeid, koordinering og utvikling av kulturfeltet i kommunen, koordinator for ungdomsrådet
- Frivilligsentralen – koordinering av frivillig innsats og aktivitetar i samarbeid med lag, organisasjonar og enkeltfrivillig
- Frivilligsentral UNG – utvikling av frivillig engasjement blant ungdom i samarbeid med UUS og valfaget "Innsats for andre". Organiseringa er bygd på prinsippet om tverrfagleg samarbeid, der ein ønskjer å bruke kompetansen på tvers av tenestene og frivillige for å styrke heilskapen. Vi har gjennom året gjort fleire interne justeringar for å sikre betre ressursutnytting og meir robuste fagmiljø.
- Ung Arena – førebyggjande ungdomsarbeid og lågterskel møteplass for ungdom.
- Bell ungdomsklubb – open møteplass og aktivitetstilbod for ungdom
- Ulsteinbadet – offentleg badeanlegg med tilbod til skular, idrett, trening og publikum
- Ulsteinhallen – idrettshall og arrangementsarena for idrett, aktivitet og arrangement
- Idrettshallen - idrettshall og arrangementsarena for idrett, aktivitet og arrangement

Idrett

Om oss

Idrett omfattar tre ansvarsområde.

- Overføring til idrettsanlegg på Høddvoll, Hasundgot og Haddal
- Ulsteinhallen
- Ulstein Arena.

Sjøborg Kulturhus og kino

Om oss

Sjøborg kulturhus og kino er organisert under kulturavdelinga i Ulstein kommune. Verksemda omfattar kino, kulturarrangement, teknisk drift av scene og sal, samt utleige til eksterne arrangørar. Kulturhuset/kulturavdelinga samarbeider tett med både profesjonelle arrangørar, frivillige lag og organisasjonar, lokale kulturaktørar og næringsliv.

Sjøborg kulturhus og kino er drifta av kulturavdelinga i kommunen.

Tal besøkande var i 2025 nær 30.000, og fordelte seg slik:

- Sjøborg kino: 19.277
- Sjøborg kulturhus: 10.539

Ulstein kultur – og konferansesenter AS (UKK AS) eig bygget/lokala der Sjøborg kulturhus og kino har si drift. Ulstein kommune og Ulstein hotell AS eig 50 % kvar av aksjane i selskapet. Kultursjef er dagleg leiar/ styremedlem i selskapet, i tillegg til at kommunen har ein politisk vald styremedlem. Styret har det overordna ansvaret for drift av anlegget. Kvar av partane er gjennom aksjonæravtalen forplikta til å overføre 650.000 kr til UKK AS, som går til drift og vedlikehald av Sjøborg.

Biblioteket

Om oss

Leiar: Britt Myrene

- Tal på stillingsheimlar: 2,4 årsverk
- Besøkande i 2025 : 54 497.
- Utlån 2025: 25 165 som tilsvarar 2,8 bøker pr.innbyggjar.
- Boksamling: 21 000

Ulstein bibliotek er folkebiblioteket i Ulsteinvik og held til i første etasje i Ulstein Arena. Biblioteket er ein viktig møteplass for innbyggjarane i kommunen og tilbyr tilgang til litteratur, kunnskap, kultur og opplevingar for alle aldersgrupper. Biblioteket er ein del av kulturavdelinga i Ulstein kommune.

Biblioteket skal fremje opplysning, utdanning og kulturell aktivitet gjennom gratis tilgang til bøker, lydbøker, aviser, tidsskrift og digitale ressursar. Biblioteket legg også til rette for arrangement, formidling av litteratur og møteplassar for barn, unge og vaksne.

Verksemda omfattar dagleg drift av biblioteklokalet, samlingsutvikling, litteraturformidling, arrangement og samarbeid med skular, barnehagar og andre aktørar i lokalsamfunnet.

IMU

Om oss

Leiar: Odd Gunnar Myhre

Årsverk: 24,8

Ulstein kompetansesenter hadde i gjennomsnitt 123 elevar i 2025.

Totalt 273 elevar frå 27 nasjonar mottok opplæring (146 menn og 127 kvinner).

Inkludering og mangfald i Ulstein (IMU) rommar tenesta for flyktningar, og Ulstein kompetansesenter med kommunelogoped, norskopplæring, førebuande opplæring for vaksne (FOV) med behov for individuelt tilpassa opplæring (ITO). IMU koordinerer kommunen sitt ansvar som vertskommune for asylmottak, og har dessutan i oppdrag å utvikle tiltak som fremmar god inkludering og samhandling.

Eininga samarbeider tett med andre kommunale tenester, næringslivet og frivillig sektor for å sikre heilskaplege og lovpålagte tenester.

Fø- teamet som gir spesialpedagogiske tenester i barnehagefelte er lokalisert på Reiten og organisert under einingsleiar for IMU.

Rapporteringa knytt til den tenesta ligg under "barnehage fellestenester" i årsrapporten.

Kjerneoppgåver:

- Busette flyktningar etter vedtak i kommunestyret og nasjonale føringar frå IMDi.
- Yte tenester innanfor introduksjonsprogram, kvalifisering og overgang til arbeid.
- Gi norskopplæring til vaksne innbyggjarar med rett til opplæring.
- Gi førebuande opplæring for vaksne (FOV), for dei med vedtak om individuelt tilpassa opplæring (ITO)
- Logopedtenester
- Skape gode vilkår for kvardagsintegrering i kommunen.

Helse og omsorg

Om oss

Leiar: Kristin Vik, kommunalsjef

Årsverk; omlag 270, fordelt på meir enn 300 tilsette.

Helse- og omsorg omfattar tenester for alle innbyggerane i kommunen gjennom heile livsløpet, og i dette inngår

- kommuneoverlege med legeteneste, legevakt og fysioterapi
- helsestasjon med tenester til barn og unge og deira føresette, svangerskap og barselomsorg
- omsorgstenester med heimesjukepleie og tenester for rus og psykisk helse
- institusjon/sjukeheim med langtidsplassar, korttidsavdeling og dagtilbod
- omsorgsbustadar med heildøgns tenester og bu- og habiliteringsteneste
- kommunepsykolog
- interkommunalt Nav
- barnevernteneste – Søre sunnmøre barnevernssamarbeid

Helse og omsorg samarbeider med Ålesund kommune om krisesenter for menn og kvinner, overgrepsmottak og barnevernvakt.

I omsorg inngår også administrative fellestenester som kjøkken, vaskeri, ambulerande vaktmeister, hjelpemiddelformidling, sakshandsaming, vederlagsberekning og koordinerande eining. Kommunalområdet har overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggerane, og er difor ein sentral aktør i det kommunale folkehelse- og planarbeidet.

Overordna mål

Måla for 2025 byggjer på mål frå tidlegare år;

- **Eit generasjonsvennleg samfunn:** Ulstein kommune er eit samfunn for alle med med gode universelle tenester.
- **Forsvarlege tenester til innbyggerane i alle livsfasar.**
- **Innovasjon og nytenking:** Gjere nytte av ny teknologi for å styrke og effektivisere tenestetilbodet.
- **Tilpassa bustad til dei med særlege helseproblem:** Ulstein ser omsorgsbustadar og gode heimetenester som alternativ til sjukeheim.

For å møte utfordringa med auka behov og krav til omsorgstenestene, er det nokre særlege satsingsområde vi må arbeide vidare med, og det arbeidet heldt fram i 2025. I tillegg til å vidareutvikle strategien rundt 300-metersbyen, meiner vi det er viktig at helse og omsorg framleis utviklar;

- ressursorientert saksbehandling og tildelingspraksis
- tidleg innsats på alle tiltaksområde

Årsmelding 2025

- gode pasientforløp – på rett plass i innsatstrappa
- leve heile livet i eit alders/generasjonsvennleg samfunn – gode møteplassar
- rekruttering og kompetansebygging - attraktiv arbeidsplass
- god oppgåvedeling og berekraftig bemanningsplanlegging

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
	2024	bud. 2025	2025	2025	
300-Fellestjenester admin.omsorg	-7 702	-7 586	-13 282	-4 922	-8 360
301-Eining 1: Heimetjenester	60 972	54 440	59 201	60 115	-915
302-Eining 2: Helsekerdalen omsorgsbustader	33 431	30 563	33 895	33 095	799
303-Eining 3: Alvehaugen bu og rehabilitering - korttid	44 966	34 766	38 229	37 750	479
304-Eining 4: Alvehaugen bu og rehabilitering - langtid	35 936	41 376	47 420	46 603	816
305-Eining 5: Helsekerdalen bu og habilitering	51 420	44 033	47 963	48 650	-687
320-Nav	24 116	21 083	25 083	24 914	169
330-Barnevern	17 365	19 112	19 112	19 933	-822
350-Helsestasjonsteneste	13 667	10 293	11 930	13 241	-1 311
351-Legeteneste	27 259	25 796	26 872	28 370	-1 498
Sum	301 432	273 875	296 420	307 749	-11 329

Totaloversikt drift - fordelt på kontogrupper

Beløp i 1000

	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Rekneskap
	2024	bud. 2025	2025	2025
Lønn	262 761	236 515	272 641	277 062
Refusjon lønn	-12 873	0	-14 050	-14 050
Sum Lønn	249 888	236 515	258 591	263 013
Drift	19 036	23 001	17 713	18 290
Kjøp av produksjon	101 258	79 408	86 443	88 774
Overføringer	4 250	2 782	4 010	3 562
Finansutgifter	563	170	1 932	3 161
Sum Utgifter	125 107	105 362	110 098	113 787
Brukerbetaling	-16 456	-12 269	-14 769	-16 328
Refusjoner	-55 516	-55 662	-57 429	-52 033
Overføringer	-146	0	0	-103
Finansinntekter	-1 444	-70	-70	-587
Sum Inntekter	-73 563	-68 001	-72 268	-69 051
Netto resultat	301 432	273 875	296 420	307 749

Kommentar til status økonomi

Årsrekneskapen viser eit samla meirforbruk i helse og omsorg på 11,3 mill samanlikna med budsjett 2025. Største delen av dette er knytt til mindre refusjon for ressurskrevjande tenester enn budsjettet med, og utgjør 8,1 mill. Årsak til mindre refusjon er samansett og påverka av endringar i behov og tenester gjennom året. Ordninga er også lagt om frå staten si side. Samla sett enda einingane i omsorg omtrent på budsjett med noko variasjon mellom einingane. Einingane med meirforbruk er dei som møter nye behov og behovsvekst i størst grad, heimeteneste og habilitering.

Meirforbruk i legetenesta er knytt til lønnsbudsjet som ikkje er justert etter forhandlingar, og auka basistilskot til legane, som for Ulstein sin del berre delvis er kompensert over ramma p.g.a mange listepasientar frå andre kommunar. Det skuldast også utgifter til tolketenester og auka utgift til norsk helsenett. Auka inntekter har delvis kompensert for noko av dette.

Meirforbruk i helsestasjonen er knytt til bortfall av prosjektinntekter og manglande eigenfinansiering. Helsestasjonen saknar også tydeleg finansiering av tilbodet knytt til migrasjonshelse/asylmottak.

Barnevern låg lenge an til mindreforbruk, men akutt plassering mot slutten av året førte til meirforbruk på 0.8 mill.

Nav fekk styrka sitt budsjett knytt til økonomisk sosialhjelp, som resulterte i eit lite mindreforbruk for 2025.

Oppsummering tiltak

- Stillingsbudsjet som grunnlag for bemanningsplanlegging, aktivitet og oppgåvedeling i einingane gir betre kostnadskontroll, og arbeidet med det held fram i 2026.
- Regelmessig gjennomgang av ressurskrevjande tenester gjennom året, for betre budsjettgrunnlag.
- Systematisk arbeid med oppfølging av sjukefråvær
- God bemanningsplanlegging for å redusere behovet for vikar, sjølv om tenesteleveransen i omsorg i stor grad er avhengig av vikarinnleige.
- Følgje med på utviklinga knytt til utbetaling av økonomisk sosialhjelp
- Justere budsjett mot reelle utgifter i helse.

Status investeringsprosjekt


Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året			Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Vedteke i kr ferdigår bud.	Rev. Rekneskap Status	Økonomistatus	Avvik i kr	
Bilar omsorg - utskifting frå leasing til kjøp	6 500	5 501	999	2025 1 406	1 207	Ikkje vurdert	199	
Sum	6 500	5 501	999	1 406	1 207		199	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,71 %	6,08 %	8,80 %
Årleg sjukefråvær 2025	2,93 %	7,30 %	10,23 %

Sjukefråvær per eining/ansvar (graf)



Fellestenester admin.omsorg

Om oss

Leiar: Kristin Vik

Til fellesavdelinga omsorg ligg i tillegg til kommunalsjef, kommunepsykolog, administrasjon og merkantilt tilsette med ansvar for sakshandsaming, vederlag, gericadrift, velferdsteknologi og lærlingar. Løn einingsleiarar ligg også her. Merkantile stillingar tilsvarande 1,8 årsverk stod vakant heilt eller delvis gjennom heile året.

Av 2 årsverk kommunepsykolog, går 20 % til PPT og 40 % til Sande kommune.

Eining 1: Heimetenester

Om oss

Leiar: Heidi Strand

Årsverk: 45 fordelt på nær 70 tilsette

Eining 1 består av heimetenester fordelt på

- heimesjukepleien
- tenesta for psykisk helse og rus
- koordinerande eining
- ergoterapiteneste og kvardagsrehabilitering
- brukarstyrt personleg assistanse
- omsorgstønad
- avlasting i privat heim
- Petterbakken som er ein bustad for menneske funksjonutfordringar

Eining 2: Helsekerdalen omsorgsbustader

Om oss

Leiar: Marlen Breivik Kristensen

Årsverk: 47,5 fordelt på 54 tilsette.

Avdelingane Ulshaugen/Helsekerdalen 20, Hovstøylvegen og Lisjenotten gir tenester til omlag 60 bebuarar med behov for heildøgns tenester.

Eining 3: Alvehaugen bu og rehabilitering - korttid

Om oss

Leiar; Gunn Sætre

Årsverk; 36, fordelt på meir enn 50 tilsette

Eining 3 utgjer korttidsavdelinga, omsorgsbustader HI, dagsenter for eldre og ambulerande tenester.

Korttidsavdeling med 18 plassar tek imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus, samt heimebuande som har behov for rehabilitering, behandling eller observasjon. Tenestetilbodet er retta mot å sikre medisinsk oppfølging, styrke funksjonsevne og bidra til at pasientane kan vende tilbake til eigen heim når dette er mogleg.

Eining 4: Alvehaugen bu og rehabilitering - langtid

Om oss

Leiar: Gunn Helen Hauge Muren

Stillingsheimlar: 46.5 fordelt på 72 fast tilsette

Eining 4 er langtidsavdelingane, produksjonskjøkkenet og vaskeriet på Alvehaugen bu - og rehabiliteringssenter. I tillegg ligg det felles natt teamet under denne eininga.

Eining 5: Halsekerdalen bu og habilitering

Om oss

Leiar: Aase Djupvik

Årsverk: 45,36, fordelt på nær 50 tilsette

Eining 5 består av avlasting for born og unge, bu-tilbod og dagsenter for menneske med funksjonsnedsetjing og ambulansmiljøteneste.

Nav

Om oss

NAV er interkommunalt og leverer arbeidsretta brukaroppfølging og sosiale tenester til innbyggjarane i kommunane Hareid, Ulstein og Sande, Herøy og Vanylven. Dette inkluderer IPS og Arbeid med støtte. Hareid er vertskommune for samarbeidet.

Nav-kontoret arbeider for å betre levekåra til vanskelegstilte gjennom å auke arbeidsdeltaking, inkludering, og levere gode og forsvarlege tenester etter sosialtenestelova. Vi samarbeider tett med bedrifter og andre offentlege etatar for å oppnå desse måla.

Barnevern

Om oss

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid starta i 2014 og består no av kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta, Sande og Vanylven med Volda kommune som vertskommune.

Tenesta har over tid arbeidd medvite med å gjere arbeidet med undersøkingar meir effektivt. Seksjon mottak og undersøking har arbeidd godt og målretta med dette og tenesta som heilheit har vore med på å gjere gode grep for å unngå fristbrot. Talet på fristbrot er likevel stadig ei utfordring og tenesta ser at

det er viktig å oppretthalde eit fokus på dette. Vi erfarar at sjukefråvær, nytilsettingar o.a raskt får konsekvensar for i kva grad vi maktar å tilfredsstille krava som er stilt oss. Seksjon mottak og undersøking tek del i landsomfattande tilsyn frå helsetilsynet som er eit egetilsyn med fokus på kvalitetsikring.

Høgt sjukefråvær og fleire tilsette i permisjonar og vanskar med å rekruttere vikarar har prega året 2025 for barnevernstenesta. Det vert arbeidd med å finne gode løysningar og å sikre at kvart barn som tenesta har ansvar for får den merksemda dei treng. Vi ser at dette har påverka rapporteringstala for 2025.

I ein situasjon med høgt sjukefråvær, høg pågang av saker og krevjande saksinnhald er det viktig å fokusere på godt arbeidsmiljø og god internkontroll. Det er tatt kontakt med bedriftshelsetenesta og tenesta vil få oppfølging frå dei i 2026, samt at leiargruppa skal ta del i Bufdir si leiaropplæring i samarbeid med Agenda Kaupang, der tema er Internkontroll og kvalitetsarbeid.

Barnevernstenesta har faste samarbeidsmøte med alle instansar som arbeider med barn og unge i samarbeidskommunane. Alle barnehagane og skulane, samt andre instansar, har sin eigen kontaktperson i barnevernstenesta. Dette for at terskelen for å ta kontakt skal vere så låg som mogleg. Kontaktpersonane møter til dømes på foreldremøte, personalmøte og i andre samanhengar for å informere om tenesta sitt arbeid. Tenesta har også representantar i faste samhandlingsgrupper i skule/barnehage i dei kommunane som har det.

Helsetasjonsteneste

Om oss

Leiar; Kristin Meli

Årsverk; 19,8

Ulstein helsetasjon er ei teneste for alle mellom 0-20 år, og omfattar svangerskaps- og barselomsorg, helsetasjonsteneste 0-5 år, skulehelseteneste 6-20 år, helsetasjon for ungdom, psykisk helseteneste for barn og unge, forsterka helsetasjon, migrasjonshelse, smittevern og voksenvaksinering.

Formålet er å fremje psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, forebygge sjukdom og skade, utjevne sosiale helseskilnader og forebygge, avdekke og avverge vold, overgrep og omsorgssvikt. Tenesta skal så tidleg som mogleg fange opp barn og unge, gi dei eit tilbod og henvise vidare ved behov. Tilbodet og innhaldet i tenesta skal være universelt, og tilnæringsmåten skal vere både individuell og befolkningsretta.

Tilbudet i helsetasjon, skulehelseteneste og helsetasjon for ungdom skal være kultursensitivt og tilpassa den enkelte sine behov og livssituasjon.

Legeteneste

Om oss

Avdeling for legetenesta i Ulstein inkluderer fastlegetenesta, fysioterapeutar med driftstilskot, kommunale legestillingar og administrasjon av legevakt for Hareid og Ulstein.

Teknisk etat

Om oss

Leiar: Arne Runar Vik, kommunalsjef

Teknisk etat har ansvar for følgjande:

- **Plan- og bygningsavdelinga:** plan, byggesak, geodata, miljøvern
- **Anleggs- og driftsavdelinga:** veg, vatn, avløp, grøntanlegg, hamn og utbyggingsprosjekt innanfor desse fagfelta
- **Hareid og Ulstein brannvesen:** brann- og ulykkesberedskap inkludert beredskap mot akutt forureining, brannførebyggande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Ulstein er vertskommune for fagfelta brann og feiing/tilsyn med fyringsanlegg for Hareid kommune. Ulstein er vertskommune for Herøy kommune for feiing/tilsyn med fyringsanlegg.
- **Kommunalsjef teknisk:** leiing av etaten, økonomiarbeid, sal av kommunale bustad- og industritomter, Husbanken sine låne- og tilskotsordningar, grunnverv, sal og forvaltning av kommunal grunn

For saksfeltet landbruk er Herøy vertskommune for Ulstein og Hareid og Renovasjonstenestene er lagt til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

Overordna mål

Overordna mål

- bruk av eByggesak og digitale løysingar for å yte god service til innbyggjarar og næringsliv
- fullføre områdeplan for Ulsteinvik sentrum
- følgje opp vedteken planstrategi for valperioden 2023 - 2027
- kartlegging av avløpsnett og utføre kloakksanering
- gjennomføre investeringsprosjekt innanfor vedtekne rammer
- opplæring og kompetanseheving
- utnytte fasilitetane i nye Ulstein brannstasjon
- behovsprøvd feiing og starte kartlegginga av fyringsanlegg i fritidsbustadar

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
	2024	bud. 2025	2025	2025	
500-Teknisk administrasjon	1 689	1 930	2 809	2 504	305
510-Veg/hamn/grøntanlegg	7 498	7 588	16 287	16 817	-530
520-VA	-1 851	-2 000	-1 951	-1 533	-418
530-Brann	10 150	8 910	9 771	8 635	1 136
531-Feiing	-443	-1 437	-1 437	-536	-901
540-Plan/byggesak og geodata	3 371	2 387	3 090	2 468	622
541-Bustadforemål	996	1 478	1 511	458	1 053
Sum	21 410	18 855	30 080	28 813	1 267

Totaloversikt drift - fordelt på kontogrupper

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025
Lønn	34 594	33 580	36 426	33 718
Refusjon lønn	-620	0	-1 176	-1 176
Sum Lønn	33 974	33 580	35 250	32 542
Drift	19 887	19 716	20 392	17 235
Kjøp av produksjon	4 959	2 648	2 068	2 980
Overføringer	2 560	1 433	2 711	2 150
Finansutgifter	18 825	20 242	31 145	39 058
Sum Utgifter	46 232	44 039	56 316	61 423
Brukerbetaling	-41 844	-50 522	-48 730	-51 148
Refusjoner	-13 591	-8 242	-11 719	-12 926
Overføringer	-338	0	0	0
Finansinntekter	-3 024	0	-1 038	-1 078
Sum Inntekter	-58 796	-58 764	-61 486	-65 151
Netto resultat	21 410	18 855	30 080	28 813

Kommentar til status økonomi

Samla er der eit mindreforbruk på knappe 1,3 mill. kr i 2025. Om sjølvkost vert halde utanfor (VA og feiing) og fordelinga overfor Hareid innanfor brann er oppgjort, vert det positive avviket på vel 2 mill. kr.

For bustadføre mål er det brukt ein del mindre på lønn og betalt ut vesentleg mindre i tilskott enn budsjettert. Dette er årsakene til det positive avviket.

Med høg aktivitet på byggesak, nøkternt forbruk og noko sjukmelding/vakanse fekk plan- og bygningsavdelinga eit godt økonomisk resultat.

Brannvesenet har eit mindreforbruk som skal fordelast mellom dei to kommunane i samarbeidet. Vakant halv stilling som avd.leiar beredskap frå 2. tertial medverkar til positivt økonomisk avvik.

Der er eit meirforbruk på vegvedlikehaldet inkludert veglys. Området er påverka av verforhold og nedbørmengder, dvs. utfordrande å prognostisere gjennom året.

Oppsummering tiltak

Lønsbudsjetten er justert for 2026 basert på reelle behov.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett				Budsjett for året				Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap Status	Økonomistatus	Avvik i kr	
Brann - Kjøretøy brannvesen	5 000	0	5 000	2026	3 000	0 Iht. plan	Iht. plan	3 000	Alle kjøretøya er innkjøpt, men ein er ikkje levert. Betaling ført i 2026. Litt utrustning på innkjøpte bilar gjenstår.
Digitalisering av byggesaksarkiv	2 014	1 918	95	2025	0	0 Ferdig	Merforbruk	0	Tiltaket er ferdig
Gangveg Storehølvegen	1 000	0	1 000	2026	1 000	0 Ikkje vurdert		1 000	Grunna Linja si utbygging av ny sekunderstasjon i Storeholvegen har Ulstein kommune måtte tilpasse seg framdrifta til Linja. Entreprenør er vald.
Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	1 900	237	1 663	2025	1 854	199 Iht. plan	Iht. plan	1 655	Gjeld oppgradering av fiskerihamna i Ulsteinvik - delfinansiert med tilskott frå Kystverket
Oppgradering kommunale vegar	22 500	6 811	15 689	2032	3 057	2 370 Iht. plan	Mindreforbruk	688	Osnesvegen ferdig 2025Øvrevegen aust ferdig 2025Sundgotlegene ferdig 2025
Soknet - Ny Gravplass - grunnerv/ arkeologi	5 134	0	5 134	2025	2 634	0 Forsinket	Iht. plan	2 634	Plassering av gravplass er ikkje avgjort, georadarundersøking er gjennomført. Etter val av løysing må det til reguleringsplan og detaljplan for utbygging.
Trafikktryggingstiltak	5 500	2 111	3 389	2028	2 755	2 001 Iht. plan	Mindreforbruk	754	Økonomisk løyving bør vidareførast. Fortau Støylesvingen er ferdig 2025
Utbygging - Tomteklargjering Saunesmarka	2 097	6 217	-4 120	2025	2 044	2 284 Iht. plan	Iht. plan	-240	Gjeld tilrettelegging og sal av tomter i Saunesmarka
Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	4 731	6 043	-1 312	2027	4 607	658 Iht. plan		3 950	Gjeld tilrettelegging og sal av tomter
VA - Investering avløp	-	-	-	LØPANDE	4 580	2 336 Iht. plan		2 244	Kloakksanering Krushamarvegen vert lyst ut og gjennomført i 2026Ny driftsbiltinga i desember. Forventa levering april-20


Årsmelding 2025

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året						
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Økonomistatus	Avvik i kr	Kommentar
VA - Investering vatn	-	-	-	LØPANDE	7 788	4 088	Forsinket	Mindreforbruk	3 700	Vaktbil vatten tinga - levering 2026Vessleidning Gjerdsbakkvegen ferdig 2025Prosjektering Dam Garnesvatten i gang. Konsulent er valt basert på utlysing. VTA er Volda kommune
Veg - Automatisk måling av veglys	625	92	533	2025	547	14	Forsinket	Mindreforbruk	533	Møre og Romsdal Fylkeskommune skal i løpet av 2026 overta drifta av 128 lyspunkt langs fylkesveg.
Veg - Brøyteutstyr	1 250	174	1 076	2024	451	0	Forsinket		451	Planlegger innkjøp av stikkeutstyr.
Veg - Gangveg/turveg indre Haddal	1 940	3 243	-1 303	2025	1 823	1 297	Ferdig	Iht. plan	526	Førespurnad om utbetaling av resttilskot sendt inn.
Veg - Hjullastar Lundberg	4 340	10	4 330	2026	4 340	10	Forsinket	Merforbruk	4 330	Redskapsberar levert februar 2026
Veg - Ny lastebil	3 308	320	2 988	2027	3 213	202	Ferdig		3 012	Lastebil levert desember 2025
Sum andre prosjekt	0	1 771	30 362		409	0			409	
Sum	61 339	28 945	64 526		44 105	15 458			28 647	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,30 %	2,54 %	4,84 %
Årleg sjukefråvær 2025	2,28 %	4,22 %	6,50 %

Sjuefråvær per eining/ansvar (graf)



Teknisk administrasjon

Om oss

Fagområdet omfattar leing av etaten, administrasjon, økonomiarbeid, sal av kommunale bustad- og næringstomter, prosjektarbeid, utbyggingsavtalar, generell sakshandsaming innanfor etaten sitt fagansvar, vedtak i saker knytt til Husbanken sine låne- og tilskotsordningar, grunnverv, sal og forvaltning av kommunal grunn.

Der er eitt årsverk knytt til avdelinga - kommunalsjef teknisk. Fram til 1. mai var denne stillinga på 60 %, jf. delt stilling 60/40 mellom kommunalsjef og leiar for eigedomsavdelinga.

Veg/hamn/grøntanlegg

Om oss

Anleggs- og driftsavdelinga er 11 tilsette (ein mindre enn 2024), og består av veg, hamn, grønt, vatn og avløp. Dei tilsette kan vere lønna på eit eller fleire av felta (ikkje hamn), og personell kan flyte fritt mellom, dersom behov. Alle har sine faste oppgåver.

VA

Om oss

Anleggs- og driftsavdelinga er 11 tilsette (ein mindre enn 2024), og består av veg, hamn, grønt, vatn og avløp. Dei tilsette kan vere lønna på eit eller fleire av felta (ikkje hamn), og personell kan flyte fritt mellom, dersom behov. Alle har sine faste oppgåver.

Brann

Om oss

Leiar: Olav Helt Brubakk

Hareid og Ulstein brannvesen er eit interkommunalt samarbeid der Ulstein kommune er vertskommune og Hareid samarbeidskommune. Ulstein er også vertskommune for feiesamarbeid med Herøy.

Brannvesenet har vel 5 årsverk og 40 tilsette.

Stilling som avd.leiar beredskap har vore vakant frå 2. tertial.

Feiing

Om oss

Leiar: Olav Helt Brubakk

Hareid og Ulstein brannvesen er eit interkommunalt samarbeid der Ulstein kommune er vertskommune. I tillegg er Ulstein også vertskommune for interkommunalt samarbeid om feiing og tilsyn med fyringsanlegg med Herøy kommune.

Det vart gjennomført 814 feingar/tilsyn med fyringsanlegg i dei tre kommunane vi har ansvar for feiing i.

Vi er ferdig med registreringsrunden for Hareid kommune.

Feietenesta har to tilsette med brannsjef som næraste leiar.

Plan/byggesak og geodata

Om oss

Leiar: Anita Sundnes

Avdelinga har ansvar for :

- utarbeiding av kommuneplanar, handsaming av reguleringsplanar og rettleiing innanfor lovverket som avdelinga forvaltar
- Søknadar om bygg, anlegg og deling av grunneigedom, samt registrere tiltak i matrikkelen
- Oppmålingsforretningar, seksjoneringsaker og forvaltning av digitalt kartverk for grunn- og eigedomsdata
- GIS-analyser og temakart for bruk både internt og eksternt i kommunen
- Eigedomsskatt
- Sal og tilrettelegging av kommunale bustad- og næringstomter

- Avdelinga førebur saker for avgjerd i teknisk utval, formannskap og kommunestyre

Stillingsheimlar:

Det er 7 tilsette på avdelinga. Avdelinga har hatt ei stilling i vakanse dei første tre kvartala, noko vi har handtert ved å omfordele nokon oppgåver og nedprioritere andre.

Bustadføremål

Om oss

Startlånordninga vert administrert av kommunalsjef teknisk og sakshandsamar på fagfeltet.

Skatt og rammetilskot med meir

Om oss

Området har ingen tilsette. I budsjettet for dette området ligg budsjett til finansforvaltning, gebyr, renteinntekter og renteutgifter knytt til startlån.

Totaloversikt drift - fordelt på kontogruppar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025
Drift	361	895	1 037	1 027
Overføringer	87	0	175	175
Finansutgifter	5 092	3 904	7 189	7 182
Sum Utgifter	5 540	4 799	8 401	8 385
Refusjoner	-73	-600	-775	-175
Finansinntekter	-3 995	-3 506	-4 346	-4 449
Sum Inntekter	-4 067	-4 106	-5 121	-4 624
Netto resultat	1 473	693	3 280	3 760

Kommentar til status økonomi

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			Kommentar	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Avvik i kr	Vedteke ferdigår bud.	Rev. Rekneskap Status	Økonomistatus Avvik i kr		
Div.finanstransaksjoner investering	4 742	15 491	-	2025	258	258 Ferdig	Iht. plan 0	Egenkapitalinnskot i KLP og momsjustering knytt til Hovsetmarka.
Sum	4 742	15 491	-		258	258	0	

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap	Opph.	Politisk	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2024	2024	bud. 2025	vedtatt	2025	2025	
				budsjett			
				2025			
Politisk og administrasjon	36 947	88 229	106 241	93 510	106 241	12 731	
Av dette:							
Avskrivninger	0	0	42 101	42 101	42 101	0	
Netto renteutgifter og -inntekter	-38	-47	-36	-49	-36	14	
Avsetninger til bundne driftsfond	112	50	50	385	50	-335	
Bruk av bundne driftsfond	-718	-95	-95	-216	-95	121	
Oppvekst og kultur	362 857	295 454	308 884	311 001	308 884	-2 116	
Av dette:							
Avskrivninger	0	0	2 105	2 105	2 105	0	
Netto renteutgifter og -inntekter	-4	0	0	-1	0	1	
Avsetninger til bundne driftsfond	2 110	0	0	2 705	0	-2 705	
Bruk av bundne driftsfond	-901	0	0	-1 865	0	1 865	
Bruk av disposisjonsfond	-3 485	0	0	0	0	0	
Helse og omsorg	301 432	273 875	296 420	307 749	296 420	-11 329	
Av dette:							
Avskrivninger	0	0	1 762	1 762	1 762	0	
Netto renteutgifter og -inntekter	5	0	0	2	0	-2	
Avsetninger til bundne driftsfond	437	0	0	1 309	0	-1 309	
Bruk av bundne driftsfond	-1 154	0	0	-549	0	549	
Bruk av disposisjonsfond	-253	0	0	0	0	0	
Teknisk etat	21 410	18 855	30 080	28 813	30 080	1 267	
Av dette:							
Avskrivninger	9 443	9 453	19 298	19 400	19 298	-101	
Netto renteutgifter og -inntekter	9 132	8 361	8 381	9 706	8 381	-1 325	
Overføring til investering	0	0	1 038	1 038	1 038	0	
Avsetninger til bundne driftsfond	250	0	0	1 941	0	-1 941	
Bruk av bundne driftsfond	-64	0	-1 038	-1 078	-1 038	40	
Avsetninger til disposisjonsfond	0	2 428	2 428	6 974	2 428	-4 546	
Bruk av disposisjonsfond	-2 960	0	0	0	0	0	
Skatt og rammetilskot med meir	1 473	693	3 280	3 760	3 280	-481	
Av dette:							
Avskrivninger	0	0	1 485	1 485	1 485	0	
Netto renteutgifter og -inntekter	1 097	398	1 358	1 248	1 358	110	
Sum løyvingar drift, netto	724 118	677 107	744 906	744 833	744 906	73	
Av dette:							
Avskrivninger	9 443	9 453	66 751	66 852	66 751	-101	
Politisk og administrasjon	0	0	42 101	42 101	42 101	0	
Oppvekst og kultur	0	0	2 105	2 105	2 105	0	
Helse og omsorg	0	0	1 762	1 762	1 762	0	
Teknisk etat	9 443	9 453	19 298	19 400	19 298	-101	
Skatt og rammetilskot med meir	0	0	1 485	1 485	1 485	0	
Netto renteutgifter og -inntekter	10 193	8 712	9 703	10 906	9 703	-1 203	
Politisk og administrasjon	-38	-47	-36	-49	-36	14	
Oppvekst og kultur	-4	0	0	-1	0	1	
Helse og omsorg	5	0	0	2	0	-2	
Teknisk etat	9 132	8 361	8 381	9 706	8 381	-1 325	
Skatt og rammetilskot med meir	1 097	398	1 358	1 248	1 358	110	
Overføring til investering	0	0	1 038	1 038	1 038	0	
Teknisk etat	0	0	1 038	1 038	1 038	0	
Avsetninger til bundne driftsfond	2 909	50	50	6 340	50	-6 289	
Politisk og administrasjon	112	50	50	385	50	-335	
Oppvekst og kultur	2 110	0	0	2 705	0	-2 705	
Helse og omsorg	437	0	0	1 309	0	-1 309	
Teknisk etat	250	0	0	1 941	0	-1 941	

Årsmelding 2025

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Bruk av bundne driftsfond		-2 837	-95	-1 133	-3 708	-1 133	2 575
Politisk og administrasjon		-718	-95	-95	-216	-95	121
Oppvekst og kultur		-901	0	0	-1 865	0	1 865
Helse og omsorg		-1 154	0	0	-549	0	549
Teknisk etat		-64	0	-1 038	-1 078	-1 038	40
Avsetninger til disposisjonsfond		0	2 428	2 428	6 974	2 428	-4 546
Teknisk etat		0	2 428	2 428	6 974	2 428	-4 546
Bruk av disposisjonsfond		-6 698	0	0	0	0	0
Oppvekst og kultur		-3 485	0	0	0	0	0
Helse og omsorg		-253	0	0	0	0	0
Teknisk etat		-2 960	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto		711 108	656 558	666 069	656 431	666 069	9 637
Politisk og administrasjon		37 591	88 320	64 221	51 288	64 221	12 932
Oppvekst og kultur		365 136	295 454	306 779	308 057	306 779	-1 278
Helse og omsorg		302 397	273 875	294 659	305 225	294 659	-10 566
Teknisk etat		5 608	-1 387	-27	-9 167	-27	9 140
Skatt og rammetilskot med meir		375	295	437	1 027	437	-590

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Rev. bud. 2025	Avvik i kr
Investeringar i varige driftsmidlar		37 922	108 325	155 017	114 143	155 017	40 874
Tilskot til andre sine investeringar		390	0	409	913	409	-504
